



Dansearven

Utgreiing om folkedans i Noreg på 2000-talet

Johan Einar Bjerkem

Dansearven - utgreiing om folkedans i Noreg på 2000-talet.

Utgreiinga er utarbeidd av Johan Einar Bjerkem på oppdrag frå Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff), Noregs Ungdomslag (NU) og FolkOrg © 2012

Design: Daniel Heggelid-Rugaas

Opplag: 150
Trykk: NTNU

Framsidedfoto: Bilete frå framsyninga Flate steinar er til å sitja på under Folkedansfestivalen 2010 . Foto: Daniel Heggelid-Rugaas

Andre foto i utgreiinga: Eivind Kaasin (side 10, 14, 63 og 73), Anbjørg Myhra Bergwitz (side 39), Daniel Heggelid-Rugaas (side 1, 4, 53).

Dansearven

Utgreiing om folkedans i Noreg på 2000-talet

Johan Einar Bjerkem

2012



Desse står bak utgreiinga

Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) er ein sjølvstendig institusjon som består av Rådet og Rff-sentret. Stiftinga har som hovudmål å fremja, verna og føra vidare norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særigne kvalitetar. Rådet fungerer som eit fagleg sjølvstendig organ innanfor stiftinga. Det er eit samordnande organ på folkemusikkfeltet, eit sakkunnig organ i faglege spørsmål for private og offentlege instansar, samt eit forvaltningsorgan.

FolkOrg vart stifta i november 2009 som ei samanslutning mellom Landslaget for spelemenn (stifta 1923) og Norsk Folkemusikk- og danselag (stifta 1987). Organisasjonen har i dag i underkant av 5000 enkeltmedlemmer og 150 lokale lag. Blant medlemmane finnast både dei som har folkemusikken og folkedansen som ein fritidsaktivitet, og dei som heilt eller delvis lever av det. Organisasjonen har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet.

Noregs Ungdomslag (NU) vart stifta i 1896 og er ein kulturorganisasjon med over 14 000 medlemmer i 450 lag i heile Noreg. Mykje av aktiviteten er knytt til folkedans, teater, bunad og barne- og ungdomsarbeid, men ungdomslagsrørsla har eit unikt mangfald av aktivitetar. Noregs Ungdomslag arbeider med folkedans for å ta vare på, vidareføre og levandegjere den norske folkedansen. NU er den einaste organisasjonen som utdannar instruktørar innan norsk folkedans. Det er 300 dansegrupper tilslutta Noregs Ungdomslag som medlemmer. Noregs Ungdomslag har eit folkedansråd.

Johan Einar Bjerkem (f. 1969) studerte nordisk språk og litteratur (cand.philol.), samt praktisk-pedagogisk utdanning ved Universitetet i Oslo. Han er forfattar av fleire bøker og fagartiklar, dagleg leiar i Stiftinga Hilmar Alexandersen, kulturlos og medeigar ved Bjerkem Natur og Kultur DA, partner i KultLab, lærar, forteljar og folkedansar. I tillegg har han hatt ei rekkje verv innan kultur-, nærings- og interesseorganisasjonar, mellom anna: Noregs Ungdomslag, Riksscenen -nasjonal scene for norsk og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans, Noregs Midtpunkt BA, Det Norske Teatret og Rådet for folkemusikk og folkedans.

Innhald

Oppsummering.....	7
Forord	9
Innleiing	11
1 Folkedansen på 2000-talet	15
1.1 Utgangspunktet	15
1.2 Arbeid i organisasjonane.....	16
1.2.1 Noregs Ungdomslag.....	16
1.2.2 Landslaget for Spelemenn, Norsk Folkemusikk- og Danselag og FolkOrg.....	20
1.2.3 Ei kort samanfatning.....	24
1.3 Arbeid i institusjonane.....	24
1.3.1 Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff)	24
1.3.2 Utdanning: NTNU, Ole Bull-akademiet, Frikarakademiet og Manger Folkehøgskule	31
1.3.3 Riksscenen.....	32
1.3.4 Regionale senter for folkemusikk – kva da med dansen?.....	33
1.4 Kva har skjedd utanfor organisasjonane?.....	33
1.4.1 Festivalane.....	33
1.4.2 Folkedans på scena	34
1.4.3 Gammaldansmusikarane og mysteriet med dei forsvunne dansefestane.....	35
1.4.4 Utveksling av instruktørar og dansarar til USA	36
1.4.5 Andre dansetrendar	36
1.5 Nokre tal.....	37
2 Megatrendar	39
2.1 Innleiing.....	39
2.2 Sentralisering og urbanisering	40
2.3 Individualisering.....	41
2.4 Shopping av aktivitet (= ikkje-planlegging)	43
2.5 Oppleving.....	44
2.6 Frivillig arbeid finn nye former.....	45
2.7 Utdanningsrevolusjonen og kunnskapssamfunnet	45
2.8 Opplevingsøkonomien.....	47
3 Ein ny aktualitet for folkedansen – UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv	52
3.1 Bakgrunnen for konvensjonen.....	52
3.2 Formål og definisjon.....	52
3.3 Kulturarv versus kulturuttrykk.....	53

3.4	Folke­dans er kultur­arv	53
3.5	Kva betyr vern?	54
3.6	Kunnskap i og kunnskap om	56
3.7	Korleis velje det som er verneverdig?	58
3.8	Konklusjon.....	60
4	Tilrådingar / tiltak	61
4.1	Innleiing.....	61
4.2	Tilrådingar	62
	Tilråding 1 Identifisering, dokumentasjon og forskning: Listeføring.....	62
	Tilråding 2 Bevaring, vern og fremming: Støtte til kurs og danseøvingar lokalt	63
	Tilråding 3 Bevaring, vern og fremming: Bygda dansar	65
	Tilråding 4 Forbetring og formidling: Opning av støtteordningar og auka synleggjering	66
	Tilråding 5 Forbetring og formidling: Utvikling av scenisk folke­dans som kunstfelt	67
	Tilråding 6 Forbetring og formidling: Utvikling av dansearenaer – dansekontekst.....	69
4.3	Konklusjon.....	71
	Litteratur- og kjeldeliste.....	72

Oppsummering

Innleiinga slår fast at rapporten er laga etter oppdrag frå FolkOrg, Noregs Ungdomslag og Rådet for folkemusikk og folkedans. Mandatet er å beskrive situasjonen i dag for norsk folkedans og foreslå tiltak som kan styrke dette. Dette er gjort med bakgrunn i ein megatrendanalyse og UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv som Noreg har ratifisert.

Tiltak som rettar seg mot storsamfunnet, finst i siste kapittel, og tiltak foreslått internt for organisasjonane finst som eit eige vedlegg og er ikkje inkludert i rapporten.

Kapittel 1: Folkedansen i Noreg på 2000-talet startar på den tida da Georg Arnestad la fram sin rapport om norsk folkemusikk og folkedans for Norsk kulturråd – i 2001. Vi prøver å sjå kva som har skjedd dei ti åra i etterkant. Vi slår fast at det dei siste ti åra har skjedd mye gledeleg, for eksempel ein kraftig auke i utdanningstilbodet innanfor folkedans, auka vektlegging og utvikling av scenisk folkedans, utviklinga av prosjektet Bygda dansar, opprettinga av samarbeidsprosjektet Riksscenen og framveksten av frie grupper med Frikar i spissen.

Samtidig har ein del stått på staden kvil: Dette gjeld for eksempel deltakinga på kappleikar og medlemstalet i FolkOrg og Noregs Ungdomslag.

Sidan Georg Arnestad slo fast at folkedansen var i krise i 2001, har nokre trekk også forverra seg: Dette gjeld for eksempel deltaking på nybegynnarkurs i folkedans, oppslutning om faste øvingar i leikarringar og folkedanslag, og vanlege gammaldansfestar utover i heile landet. Vi kan også sjå ein tendens til at noko av folkemusikken har fjerna seg frå dansen. Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk har i perioden gått ned til ei minste oppslutning i 2008, men festivalen har deretter igjen fått auka oppslutning, og er no på nesten same nivå som i 2000.

Kapittel 2: Megatrender spår om framtida, og er såleis bygd på framskriving av ein del trekk vi ser i dag, og som har vara ei stund. Kapitlet må ikkje lesast som meir enn det det er: Eit forsøk på å gi dei som les denne rapporten, eit felles språk og scenario til å snakke om framtida og norsk folkedans.

Om norsk folkedans skal styrke stillinga si, må vi vite noko om framtidsutsiktene for samfunnet generelt og noko om drivkreftene som påverkar oss, anten vi er oss dei bevisste eller ikkje. Dette kapitlet viser at folkedansen framover truleg vil møte auka individualisering og urbanisering, og at folk framover truleg kjem til å vere meir opptatt av å shoppe aktivitetar. Om folkedansen klarer å ta omsyn til dette, kan folk i byane dermed i større grad oppfatte at folkedans er ein interessant aktivitet også for dei, sjølv om dei oppfattar seg sjølve som urbane. Bylaga har tradisjonelt stort sett bestått av folk som har drive med folkedans på heimlassen sin før dei flytta inn til byen.

Frivillig arbeid finn nye former, og krev ei omorganisering av aktiviteten med tanke på profesjonell tilrettelegging. Profesjonalitet trengst også i større grad både i instruksjon og i presentasjon på scene. Dette for å auke attraktiviteten til dansen, betre opplevinga til dei som vil danse, og dei som vil la seg underhalde av folkedans. Dette vil også fremme det kommersielle potensialet til folkedansen og auke nytteverdien i og for storsamfunnet. Likevel er det slik at offentleg støtte må til først for at norsk folkedans skal få utnytta dette kommersielle potensialet.

Kapittel 3: Ein ny aktualitet for folkedansen – UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv viser at ved å underskrive på UNESCOs konvensjon for vern av immateriell kulturarv har Noreg forpliktet seg til å ta vare på folkedansen i Noreg. Dette må ifølgje konvensjonen skje på eit heilt anna nivå enn i dag. Konvensjonen slår fast at det trengst annan type vern av dans enn av materiell kulturarv. Dans blir i

Noreg i dag ikkje tatt alvorleg som verneverdig kulturarv på same måte som for eksempel bygningar. Kapitlet viser at både 1) å danse, 2) den som dansar og 3) ramma dansen blir utført i, har krav på vern.

I Noreg har den organiserte dansinga skjedd i organisasjonane Noregs Ungdomslag og FolkOrg. Ingen av dei har fått nemneverdig støtte til dette arbeidet. Kapitlet viser at Unesco-konvensjonen slår fast at organisasjonane har krav på støtte frå staten til det daglege arbeidet sitt – både det som skjer sentralt, og det som skjer lokalt i danselag og leikarringar.

Kapitlet viser også at uorganisert folkedansaktivitet i Noreg har krav på vern om enkeltpersonar eller lokalmiljø ber om dette og visse kriterium er oppfylt. Her blir det også vist korleis gangen i registrering av verneverdige uttrykk, dansar og rammer skal vere.

Kapittel 4: Tiltakingar – tiltak kjem med forslag til tiltak for å styrke folkedansen. Vi har delt tiltaka i tre med utgangspunkt i vår oppfatning av kva norsk folkedans treng aller mest, basert på funn i kapittel 1: situasjonen i dag, kapittel 2: trendar framover og kapittel 3 krav om vern i UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv:

- a) Identifisering, dokumentasjon og forskning (eitt tiltak)
- b) Bevaring, vern og fremming (to tiltak)
- c) Forbetring og formidling (tre tiltak)

Samla sum på foreslåtte tiltak er 10 413 000 kroner.

Forord

Bak denne utgreiinga står Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff), Noregs Ungdomslag (NU) og FolkOrg. Dei tre organisasjonane sette ned ei ressursgruppe. Med i ressursgruppa har vore:

- Gro Marie Svidal (leiar – fram til 31.12.2011 da ho trekte seg) (Rff)
- Synnøve Jørgensen (leiar frå 1.1.2012) (NU)
- Egil Bakka (Rff-sentret)
- Marianne Dahl (NU)
- Sigurd Johan Heide (FolkOrg)
- Frode Rolandsgard (FolkOrg)

Organisasjonane ville denne gongen belyse situasjonen for folkedansen frå ein intern ståstad, og tilsette Johan Einar Bjerkem som utgreiar. Han har gjennom heile livet vore aktiv innanfor ulike delar av folkedansrørsla, og kjenner derfor feltet frå innsida.

Han arbeider no som dagleg leiar i Stiftinga Hilmar Alexandersen og som partner i firmaet KultLab, i tillegg til å ta imot gjester på Kulturgården Bjerkem. Han sit i styret i Riksscenen og i Rådet for folkemusikk og folkedans.



Innleiing

I februar 1999 tok Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff), Noregs Ungdomslag (NU), Landslaget for Spelemenn (Lfs) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD) kontakt med Norsk kulturråd med spørsmål om å få laga ei utgreiing om situasjonen til folkemusikken og folkedansen i Noreg. Etter ein del prosessar hyra Kulturrådet Georg Arnestad til å lage ei slik utgreiing. Utgreiinga kom i oktober 2001 med tittelen «*Men vi skal koma i bug at tradisjonen alltid vert opplyst og omskapt ...*» *Om folkemusikk og folkedans i det seinmoderne Noreg*, som bok nr. 27 i rapportserien til Norsk kulturråd. På folkemunne i folkedans- og folkemusikkmiljøet vart denne utgreiinga heitande Arnestad-utgreiinga.

Utgreiinga tok temperaturen på feltet og kom med tilrådingar til folkemusikk- og folkedansmiljøet og styresmaktene om korleis ein burde arbeide vidare framover. Ei av desse tilrådingane var at miljøet måtte sjå på folkedansen sine vilkår. Arnestad slår i 2001 fast, på bakgrunn av god dokumentasjon, at folkedansen er i krise, og at det bør takast eit krafttak for å berge han. Etter ti år med ulike forsøk, prosjekt og tiltak meiner organisasjonane bak denne utgreiinga at folkedansen ikkje står særleg sterkare enn i 2001, og med denne utgreiinga vil vi sjå på kva som har skjedd dei siste ti åra, og kva som kan og bør gjerast vidare framover.

Ei av endringane som har skjedd på folkemusikk- og folkedansfeltet dei siste åra, er at Lfs og NFD har slutta seg saman i organisasjonen FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans (også ei tilråding Arnestad kom med). Rådet for folkemusikk og folkedans, Noregs Ungdomslag og FolkOrg har derfor no tatt initiativ til ei ny utgreiing om folkedansen i Noreg. Ønsket om ei utgreiing heng saman med mellom anna omorganiseringa på folkemusikkfeltet, Noregs implementering av UNESCO-konvensjonen om den immaterielle kulturarven og Georg Arnestad sin rapport, som konkluderer med at folkedansen står i ei særstilling.

I mandatet for utgreiinga står det mellom anna at:

Utgreiaren skriv ei skildring av situasjonen ut frå innsamla materiale, og partane kjem med innspel til skildringa gjennom referansegruppa.

Gjennom breie samrådingar med partane og ressursgruppa lagar utgreiar ei konkret og presis og avgrensa tiltaksliste for arbeidet med folkedansen framover. Det blir lagt arbeid i ein solid kulturpolitisk argumentasjon for tiltaka og for vern av folkedans.

Eit av formåla med utgreiinga er å plassera folkedansen godt i høve til vernet av immateriell kulturarv og hjelpe partane i arbeidet for å kunna gi folkedansen eit løft både i offentleg støtte og i interne tiltak i organisasjonane. Eit anna formål er å fremja breidda og kvaliteten på folkedansen som uttrykksform, og gi han ein meir sentral plass i det offentlege rom.

Utgreiinga skal formast slik at alle partane kan stilla seg bak henne, men funn frå arbeidet kan likevel offentleggjerast på anna vis av utgreiar eller partar.

I tillegg har gruppa bestemt at denne utgreiinga «er eit dokument som skal sendast partane i prosjektet: FolkOrg, NU og Rff. Vi kjem med idear, tankar og anbefalingar som dei kan ta med i si lobbyverksemd og strategi».

Dette betyr at tiltaka vi foreslår i siste kapittel i dette dokumentet, er tiltak som gruppa meiner organisasjonane saman kan gå til styresmaktene med, med oppmoding om at dei blir gjennomført. I tillegg legg gruppa fram for organisasjonane resultatet av eit arbeid i gruppa som kan vere starten på eit arbeid internt i organisasjonane for folkedansen vidare framover. Gruppa vil også rå til at organisasjonane bør ha

felles møte og undersøke om det er tiltak frå denne interne lista dei kan arbeide vidare med felles eller kvar for seg.

Grappa bestemte at startpunktet for denne utgreiinga skulle vere Georg Arnestad si utgreiing for Norsk kulturråd i 2001, og at innsamling av data skulle stoppe ved utgangen av 2011. Da Georg Arnestad begynte arbeidet med utgreiinga si i 1999, var han så å seie ukjent med feltet, og kom derfor utanfrå og inn. Utgreiaren bak dette dokumentet kjenner, som omtalt i forordet, feltet godt innanfrå gjennom mange år både som amatøransar, profesjonell pedagog, leiar og organisator. Han har eit stort nettverk i miljøet, og mange vil meine å vite kva han meiner om ulike spørsmål. Det er likevel ikkje slik at dei ulike miljøa innanfor «folkemusikk- og folkedansmiljøet» kjenner kvarandre. I realiteten er det snakk om fleire ulike retningar og miljø, som nok har noko kontakt på kryss og tvers, men likevel står på egne bein, med egne meningar, eigen politikk og egne synspunkt på korleis verda er og heng saman. Likevel ser vi at miljøa nok har arbeidd seg nærare kvarandre i løpet av dei siste ti–femten åra, og fått ei djupare forståing for syn og haldningar hos andre. Fleire og fleire personar opptre på tvers av organisasjonane og møteplassane til dei ulike miljøa.

Ein risiko med å hyre ein person som er inne i miljøet frå før, til å skrive ei slik utgreiing, er at utgreiaren sjølvsgt er farga av tidlegare erfaringar og synspunkt. Det er viktig å vedkjenne seg dette i det ein startar å skrive – og eg vil la det komme klart fram der det er ulike syn. Ressursgruppa har bevisst valt å bruke ein som kjenner miljøet, fordi organisasjonane denne gongen ville ha ei utgreiing meir «innanfrå». Likevel er det eit mål at utgreiinga ikkje berre skal vere intern, men at ho også skal kunne kommunisere med storsamfunnet utanfor folkedansmiljøet og organisasjonane. Grappa har også lagt vinn på å balansere framstillinga.

I denne utgreiinga har vi valt å sjå på område som ligg innanfor arbeidsområda til organisasjonane og Kulturdepartementet. Dette betyr at vi ikkje har gått djupt inn i situasjonen i skolen, og derfor foreslår vi heller ikkje tiltak retta mot kulturskolen, den obligatoriske skolen og læreplanane. Dette betyr ikkje at gruppa ikkje meiner dette er eit viktig og vesentleg arbeid, men det ville krevje eit samarbeid med eller eit mandat frå dette feltet, og slik krevje ei anna tilnærming.

Metodane som er brukt, har vore deltakande observasjon – eit omgrep henta frå antropologien (Cato Wadel, 1990 (2001): Feltarbeid i egen kultur), intervju med sentrale personar i folkedansmiljøet både i Noreg og til ein viss grad i Norden, og gjennomgang av faglitteratur, arbeidsplanar og årsmeldingar frå organisasjonane, i tillegg til nærlesing av UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv, og ABM-utvikling si utgreiing om denne.

Vi har verken hatt tida eller ressursane som Georg Arnestad hadde for ti år sidan, så denne utgreiinga kan ikkje samanliknast med hans verken i omfang eller pretensjon. Vi meiner likevel at vi innanfor rammene har fått beskrive feltet og utfordringane feltet står overfor, på ein god nok måte.

Denne utgreiinga vil sjå på 1) all den dansen som folk i hovudsak har lært seg utan å ha gått på kurs, og som dei så har brukt som vanleg samværsdans, og 2) på det som har vore og blir kalla norsk folkedans i dagleg tale, det vil særleg seie det som folkedansrørsla har drive med. Ikkje alt det som finst i punkt 1, blir vanlegvis kalla folkedans, og ikkje alt det som finst i punkt 2, har utgangspunkt i straumen av folkelege danseformer.

Utgreiinga ser på punkt 1) straumen av folkelege danseformer berre som bakgrunnsmateriale. Det finst rimeleg presis kunnskap om denne gruppa frå heile 1900-talet. Men mye arbeid med desse formene skjer i andre forum enn dei som knyter seg til organisasjonane som står bak denne utgreiinga. Derfor ville det krevje ekstra tid og ressursar frå utgreiaren å samle tilstrekkeleg balansert materiale om det.

Punkt 1 er altså ikkje noko sentralt tema i utgreiinga. I framgrunnen står punkt 2) og analysen av den måten folkedansrørsla har sikta mot å verne fenomen frå straumen av folkelege former og føre dei vidare inn i framtida. Dette harmonerer også med det synet Unesco-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv legg til grunn for vern av nettopp immateriell kulturarv. Denne utgreiinga ser vi nærare på i kapittel 3.

Vi deler som regel den norske folkedansen opp i seks grupper:

- bygdedans (her er hovudgruppene springar, gangar, halling, rull og pols)
- runddans (med hovudgruppene vals, polka, reinlender og masurka), av mange kalla gammaldans
- turdansar (rilar, kontradansar og andre pardansar),
- songdansen er for mange også rekna til folkedansrepertoaret, sjølv om dette er ein nyskapt dansetype bygd på dansen på Færøyane.
- songleikar (ringleikar, rekkeleikar eller klappeleikar, i dag mest brukt av eller for barn.)
- danseformene som var mote på 1900-talet

Georg Arnestad har i rapporten sin ein god gjennomgang av dei ulike formene for folkedans sett utanfrå. Denne utgreiinga viser til hans vurderingar av repertoar og arbeidsområde, og her vil vi ikkje problematisere dette vidare.

For ei vidare akademisk problematisering av omgrepet folkedans viser vi til Gunnel Biskop si bok: *Folkedans innom folkedansrørslen – folkelig dans?* (Biskop, 1990) og Egil Bakka si bok: *Norske dansetradisjonar* (Bakka, 1978).



1 Folkedansen på 2000-talet

1.1 Utgangspunktet

Som eitt av fem tilrådingpunkt avsluttar Georg Arnestad sin rapport i oktober 2001 slik:

Krisa for folkedansen må erkjennast og komme tydeleg på dagsordenen innanfor det organiserte folkedans- og folkemusikk-Noreg. Eit samla miljø må ta dette opp til drøfting. Som informantane så tydeleg seier, er det tid for at organisasjonane no for alvor tek tak i dette. Det er òg behov for eit langt sterkare engasjement frå dei kulturpolitiske styresmaktene.

Kva er det som får Arnestad til å komme med denne tilrådinga? I rapporten sin slår han fast at folkemusikk- og folkedansmiljøet er «eit stort og motsetningsfylt landskap» (s. 10). Likevel viser han at alle delar av miljøet har ei kriseforståing når det gjeld folkedansen. Han underbygger dette med intervju han har laga med 22 informantar som alle er framtrekande i miljøet, og med statistikk. Han slår fast at alle typar folkedans er under hardt press, og noko må gjerast om dansetradisjonane ikkje skal komme bort. Han viser (s. 181) til NU-statistikken, som fortel at NU i 1991 hadde 25 000 dansarar, og 300 grupper. Statistikken for 2000 viser 9058 dansarar – og da gjaldt dette 170 lag. I 2004 er det registrert 255 dansegrupper (uvisst kor mange lag) og 5 125 dansarar. Dette er ein stor nedgang på få år. Deretter er det ein svak nedgang, eller tala ligg stabilt på dette nivået fram til tidspunktet for registreringa. Talet på menneske som dansar folkedans ein gong i veka, ser altså ut til å vere redusert med 80 % på 20 år! I mange grupper er også gjennomsnittsalderen stigande, i det mange grupper rapporterer at dei slit med rekruttering, og at når først ei gruppe «har sett seg», trivst dei som er der, i eit sosialt fellesskap. Dei sluttar i liten grad, men dei får ikkje nye rekruttar inn. Gjennomsnittsalderen i Noregs Ungdomslag er 39,7 år.

FolkOrg har i 2010 registrert 29 dansegrupper. Dei meiner sjølve at dette er ei underrapportering.

Norges Bygdeungdomslag har ingen folkedansgrupper eller leikarringar igjen hos seg, og det har heller ikkje Norsk Frilynt Ungdomsforbund. Begge desse organisasjonane hadde til for få år sidan også folkedansaktivitet i sine organisasjonar. Går vi tilbake til 70- og 80-talet, var folkedansaktiviteten relativt stor i desse organisasjonane også. I eit enda lengre perspektiv kan vi halde fram at på tjue- og trettitalet var det stor folkedansaktivitet også i ungdomslaga til fråhaldslag, i Framfylkingen og hos ungkommunistane.

Riktig nok viser statistikken til NU at drygt 3200 deltar på dansekurs kvart år. Mye av rekrutteringa inn til massepublikummet i miljøet har tradisjonelt komme frå slike kurs og via leikarringar og dansegrupper, og dette talet kunne ha vore større. Sjølv sagt finst det i tillegg til leikarringane og folkedanslaga i NU og FolkOrg ein god del frittståande lag og grupper rundt omkring i landet. Statistikk for dette er det uråd å oppdrive, men det klare inntrykket vårt er at også desse gruppene er redusert i minst same omfang som dansegruppene i NU dei siste åra, truleg meir, og vi ser også at dansefestane med gammaldansmusikk nesten er borte over heile landet.

FolkOrg hadde i 2010 registrert 669 som var med på dansekurs.

Talet på gammaldansforeiningar er også kraftig redusert. Desse har ikkje stått tilslutta nokon sentral organisasjon, så her er det dessverre ikkje nokon data som kan gi svar på om dette stemmer, men vi ser at talet på grupper som spelar gammaldansmusikk, har gått kraftig ned – det ser vi mellom anna ved at Titanofestivalen er borte. Det er ei allmenn oppfatning i folkedans- og folkemusikkmiljøa at dette har skjedd som ei følge av at marknaden for slike gammaldansgrupper mye godt har forsvunne. Det blir nesten ikkje arrangert tradisjonelle dansefestar rundt omkring på bygdene lenger med gammaldans som hovudsjanger. Ein kan kanskje seie at desse dansefestane til dels har vorte avløyst av dansefestivalar i store

hallar, der generasjonsblandinga ikkje er så sterk. Deltakinga i Landsfestivalen for gammaldansmusikk gjekk kraftig ned på midten av 2000-talet, men her ser vi no at deltakinga igjen kanskje er på tur opp.

Kva kan så vere årsaka til dette? Det er sett i gang ein god del prosjekt i det siste for å trekke ungdom med inn i folkedansen. Spesielt Noregs Ungdomslag har kjørt mange slike prosjekt. Dei har dessutan ei sterk satsing på «ungdomsringar», som samlar unge dansarar over eit større geografisk område for å gi dei inspirasjon og fagleg påfyll slik at dei skal halde på motivasjonen og halde fram med å danse. I tillegg har vi sjølve flaggskipet over prosjekt som ser ut til å lykkast: Bygda dansar, eit initiativ frå Rff, som styrer prosjektet, og som samarbeider med FolkOrg og NU lokalt. Deltakartalet på Landskappleiken held stand, sjølv om dei regionale kappleikane ser ut til å slite litt i motbakke for tida. På Landskappleiken ser det ikkje ut til at nokon nedgang har komme når det gjeld deltaking i dans verken i konkurransar eller som publikum. Den frie dansegruppa Frikar har markert seg kraftig, samtidig som vi ser ei auka satsing på scenisk folkedans i mange miljø.

Sjølv om talet på dansarar har gått kraftig ned dei siste ti åra, har faktisk talet på medlemmer i Noregs Ungdomslag gått svakt opp, frå 15 745 i 2000 til 16 762 i 2010. Sjølv om det frå slutten av 1970-talet var mange fleire dansarar enn i dag, etter ein gedigen boom heile det «grøne og alternative» 70-talet, er det no like mange registrerte dansarar i NU som i 1970, før den store boomen, så potensialet for ein ny boom er til stades om ein klarer å treffe tidsånda igjen, som det har heitt i NU, eller megatrendane – som vi kallar det i kapittel 2.

Medlemstalet i FolkOrg (LFS for 2008) har lege stort sett stabilt på mellom 4000 og 5000 det siste tiåret. Dette har faktisk vore medlemstalet i organisasjonen heilt sidan slutten på 70-talet. Ein så stabil medlemssituasjon fortel om eit solid grunnfjell, noko som vil vere gull verdt om ein rustar seg for ein auke i medlemstal, og satsar på folkedans i enda større grad enn før.

Vi skal i det vidare sjå nærare på folkedansarbeidet i organisasjonane dei siste ti åra. Kjelda her er arbeidsprogram og årsmeldingar for NU, NFD, LFS, FolkOrg og Rff.

1.2 Arbeid i organisasjonane

Mens NU heilt frå starten har lagt stor vekt på både nasjonalt politisk og nasjonalt fagleg arbeid når det gjeld dans og dette har gjenspegla seg i planar og årsmeldingar, har både NFD og LFS satsa mye på det nasjonalt politiske og det lokalt faglege arbeidet. FolkOrg arbeider både for musikken og dansen ved at dei driv generell tilrettelegging for begge delar, dvs. at landsorganisasjonen legg til rette for at lokallaga får drive med aktiviteten sin, gjennom å arbeide for betre økonomi, hjelp med marknadsføring, dommarkurs, arrangere festivalar som gjev møteplassar for lokallaga og meir. Ingen av desse punkta i arbeidsprogram og årsmelding skil mellom dans og musikk. Dette har ført til at vi ved å gå gjennom dei sentrale årsmeldingane til desse organisasjonane ikkje finn så mange detaljar om fagleg folkedansarbeid på sentralt plan. Det har vore ei utfordring i arbeidet med denne utgreiinga å samle stoff om kva folkedansarbeidet som har vore drive, og det vi skriv om arbeidet i NFD og LFS, står derfor i fare for å bli noko mangelfullt.

1.2.1 Noregs Ungdomslag

NU har eit årsmøtevalt folkedansråd på tre personar og to vararepresentantar, der leiaren sit i styret. Dette rådet har arbeidsplanar, budsjett og ein fagkonsulent på kontoret til å hjelpe seg med folkedansarbeidet. I tillegg finst det no eit nasjonalt Nordlek-råd som er utnemnt av styret. Det består av leiaren i folkedansrådet og fire tillitsvalde på ulike plassar i Nordlek-systemet. Folkedanskonsulenten er også sekretær for desse. Frå 2009 overtok NU det norske sekretariatet for Unesco-organisasjonen CIOFF som formidlar grupper til internasjonale folkedansfestivalar, etter at CIOFF sjølv spurde om dette. På landsmøtet i 2011 vedtok organisasjonen ei folkedanspolitisk plattform.

Faglege seminar om dans

Noregs Ungdomslag har i fleire tiår arrangert «Fagseminar» om våren saman med andre fagfelt i organisasjonen (teater, bunad og barn og unge, barnarbeid og landsrådsmøte). Frå 2004 har NU igjen arrangert «Haustsamlingar» på hausten. I tillegg har det vore arrangert fem seminar utanom dei faste – totalt i overkant av 20 faglege seminar i løpet av perioden. Av tema på seminara dei siste ti åra kan nemnast:

- Metodikk
- Læring av dansar (mye bygdedans her – for eksempel parhalling, dansar frå Bergens-regionen, dansar frå Trøndelag osv.)
- Organisering av dans for barn
- Ungdomsring – arbeidsformer, rekruttering, danseutval, dansekvalitet og organisering
- Ein annan dans – spenningsfeltet mellom spesialisering i den norske dansetradisjonen og ønsket om ei breiare tilnærming der alle danseformer kan bli tatt på alvor
- Utvikling av eigen dansestil og dugleik
- Nye måtar å formidle dei gamle dansane på
- Korleis få med seg alle generasjonane i arbeidet?
- Folkedansen vidare i NU og på nye arenaer
- Forholdet mellom musikk og dans
- Profesjonalisering av folkedansen
- Improvisasjon i dansen
- Folkedans på scena – frå idé til framsyning
- Songdansen i 100 (hundreårsjubileum for songdansen i 2002)
- Stil og kvalitet i turdansen
- Hamborgardialektar i runddans landet rundt. Bruk av hamborgar i turdans og songdans
- Masurkavariantar frå ulike delar av landet
- Masurka – ein bygdedans?
- Runddansar generelt
- Bygdedansmetodikk
- Turdansmusikk
- Folkeleg song og stemmebruk
- Songdans og nyskaping
- Leik og læring
- Instruktørmodellen
- Playford-dansar (engelske rekkedansar – «oldemora» til våre kontradansar)
- Folkedanspedagogikk i dag
- Kontradans og balltradisjonar
- NU var medarrangør av det eksperimentelle seminaret «Samdans». Rff drog lasset – og andre samarbeidsaktørar var Det Norske Teatret og Kunsthøgskolen. Temaet var folkedans på scena med deltaking frå både samtidskunstansarar og folkedansarar.
- NU har leidd ei nordisk styringsgruppe i arbeidet med å gjennomføre to «nordiske folkekulturkongressar», ein i Lahti i Finland (2008) og ein i København i Danmark (2010). Tema har vore: «Den nordiske folkedanshistoria» og «Folkedans i skolen i dei nordiske landa». Fleire av temaa som er nemnt over, har vore oppe fleire gonger.

Kurs for danseinstruktører

Noregs Ungdomslag har gjennom fleire tiår hatt ei veker sommarkurs for instruktører. I tillegg har det vore arrangert ulike fordjupingskurs, for eksempel i folkemusikk (desse er ikkje tatt med her), bunad, teater, barne- og ungdomsleing, organisasjonsarbeid osv. Her har eg berre lista opp dei folkedansfaglege kursa dei siste ti åra:

- Seks instruktørkurs i folkedans etter den gamle modulen
- Gjennomført modul 1 og modul 2 på den nye modellen i 2010. 17 elevar deltok.
- Kvalitet i runddans og turdans
- Tre fordjupingskurs i instruksjon av bygdedans
- Fordjupingskurs i polstradisjonar frå Trøndelag
- Fordjupingskurs i songdans
- Dansespel (eit kurs for spelemenn, men fokuset er dansemusikk, derfor har vi tatt det med her)
- Folkeleg song og kveding (til bruk i songdans)
- Tre «leik og læring»-kurs for barneinstruktører

Før ein kom på det vekeslange instruktørkurset i instruktørkursmodellen som gjaldt fram til 2009, måtte ein gjennom aspirantkurs. Dette er samlingar som går over helger. Det har i perioden vore arrangert 20 aspirantkurs.

Det siste året er instruktørmodellen i NU lagt om, og vekekurset på sommaren er no erstatta av to langhelger i løpet av året.

Utviklingsarbeid

Noregs Ungdomslag har drive eit stort utviklingsarbeid i tiårsperioden, og utvikla hjelpemiddel og prosjekt for å styrke folkedansen. NU har

- produsert opplegget *Dansehyst* for lærarar som vil drive med folkedans i skolen. Opplegget inneheld CD-ar, DVD-ar med film og bok,
- produsert to CD-ar med historisk riktig turdansmusikk frå høvesvis Austlandet og Trøndelag,
- revidert instruktørmodellen for folkedans to gonger,
- laga barneinstruktørmodellen «Leik og læring» som kombinerer folkedans og teater,
- laga eit opplegg for samling av ungdomsringar på landsplan – først for «Noregs Ungdomsring» – så for «Sommarleir for ungdom»,
- starta «Folkedansfestivalen»,
- vore med på å sette opp «Folkedansteatret Haugtussa» i samarbeid med BUL Oslo med profesjonelle og amatørar i rollene,
- drive «Sans for Dans» – eit talentutviklingsprogram med audition for ungdommar (maks åtte får delta kvart år) som arbeider saman mot eit felles mål med profesjonelle instruktører. Målet er både å vidareutvikle ungdommane som dansarar og å utvikle spennande framsyningar for scene. Dette prosjektet gjekk fire år med to kull,
- drive «Nordic Dance», som er ei slags vidareføring av prosjektet «Sans for Dans», men med ein nordisk dimensjon. Seks unge talent kvar frå Noreg, Sverige, Danmark og Finland deltar etter å ha vorte plukka ut frå kvart land. Prosjektet skal ha premiere under Nordlek 2012.
- utvikla opplegget «Folkedansfeber». Folkedansfeber er eit prosjekt som skal gjennomførast lokalt/regionalt, med NU-kontoret som ressurscenter. Målet er å skape meir aktivitet og inspirasjon lokalt.
- oppretta ein instruktørdatabase for folkedansinstruktører.

- drive «Pedagogikk på dansegolvet». I prosjektet blir det jobba med felles vokabular og omgrep blant sentrale folkedanspedagogar og med å dokumentere arbeid/pedagogikk på grunnlag av dette. Det er gjennomført fleire seminar i prosjektet gjennom fleire år. Studieforbundet kultur og tradisjon gjennomfører prosjektet i samarbeid med NU og Rff.
- stått for prosjektet «100 % folkedans», der fleire instruktørar på opplæring har vore ute på oppdrag i barnelag rundt om i landet saman med ein røynd instruktør/retteiar.
- utvikla to nye danseinstruksjonsbøker for songdans i perioden: «No er katten døde» frå Nord-Noreg, og Prøysen-viser.

Festar, festivalar og kappleikar

Noregs Ungdomslag hadde for eit par tiår sidan svært store NU-stemne med tusenvis av deltakarar i dans. Dei har minka i omfang, og organisasjonen har teke konsekvensen av det. Dei siste ti åra har han leita etter modellar som kan vere meir i pakt med tida vi lever i. Organisasjonen har delt det gamle NU-stemnet i to festivalar: Norsk Amatørteaterfestival, som blir arrangert i samarbeid med Det Norske Teatret, og ulike typar arrangement for folkedansarane, for å prøve seg litt fram. Dette har resultert i at NU har arrangert desse dansefestivalane:

- Folkekulturfestivalen vart arrangert med danseprogram kvart år fram til 2009.
- Folkedansfestivalen (2010 og 2011) hadde eit deltakartalet mellom 200 og 400 personar.
- Nordlek i Stavanger i 2000 hadde 3800 deltakarar, 1000 frå Noreg. Nordlek er eit Nordisk folkedansstemne som går på omgang i Norden og blir arrangert kvart 3. år – kvart 12. år er det i Noreg. Neste gong er i 2012 i Steinkjer.¹
- Barnlek i Porsgrunn i 2008 hadde 1600 deltakarar. Ca. 250 frå Noreg frå 27 lag. Dette er barnestemnet til Nordlek, og går på same måte som Nordlek på omgang mellom dei nordiske landa. I 2010 skal Barnlek arrangerast i Danmark.²
- Havleik og Isleik er Nordlekorganisasjonen sine stemner på Færøyane og Island. I perioden har det vore stemner på Færøyane i 2002 og 2008 og på Island i 2004 og 2010. På desse stemnene har deltakartalet frå Noreg svinga mellom 100 og 250 deltakarar.
- Samlingar i *Noregs Ungdomsring* har ulike tema, som for eksempel kvalitet i runddans, bygdedans, songdans, dansar frå eitt område, samdans, dansestil, rytmekjensle, danseteknikk, forhold mellom dans og musikk osv. Her har deltakartalet vore mellom 40 og 100 kvart år.
- Sommarleir for ungdom var det nye namnet på Noregs Ungdomsring i 2010. Denne leiren har vore arrangert i dagane før Folkekulturfestivalen (Folkedansfestivalen frå 2010).
- Framsyningskappleik – konkurranse i framsyningsdans for grupper har vore arrangert kvart år på Folkekulturfestivalen (og Folkedansfestivalen). Programmet varer i ti minutt og må innehalde dansar frå minst to av folkedanssjangrane (sjå kap. 1). Deltakartalet har vore på mellom fire og ti grupper i perioden.

¹ Noregs Ungdomslag er den norske parten i dette samarbeidsorganet med 23 nordiske organisasjonar. Her blir det sett opp norsk og nordisk samdansprogram, og grupper frå Noreg opptre på kvart stemne med dans. Det blir arrangert, seminar, kurs, paradar og stadionoppvisingar. Det er både fridans og leiddans frå Noreg. Det er vekt på runddans og turdans, men det er også ein god del bygdedans og songdans her. Deltakartalet har gått ned kvart år etter Stavanger, og snittalderen på deltakarane blir høgare. Det er ikkje berre i Noreg folkedansen slit. Det ser ut til å vere eit likt bilde over heile Norden.

² Det var Barnlek i Finland i 2005 – der var det 270 dansarar frå 14 lag i Noreg.

Regionalt arbeid

NU har ein tradisjon med *storkurs* som kvart fylkeslag eller fleire fylkeslag held saman. Her er det kurs i lagsarbeid, teaterarbeid, ungdomsarbeid, musikk og eitt eller fleire dansekurs. På 70-, 80- og 90-talet var det mange og store slike kurs. No er det lengre mellom dei, men det er nok ein fire til seks slike kurs kvart år på ulike hald. På dansekursa kan det vere alt frå 10 til 40 personar.

Etter kvart som dei lokale leikarringane utover på 90-talet såg at det vart vanskelegare å rekruttere ungdommar til danseøvingane, begynte dei i fylkeslaga å samle ungdommar til *ungdomsringar* frå distriktet til felles øvingar i helgene. Det er som regel tre til fem samlingar i året. Nord-Noreg var først ute med ungdomsringen i Troms. Det varierer sterkt kor mange som er med i ungdomsringane, men som regel er det mellom 20 og 60 personar. NU har no ungdomsringar i:

- Troms: Tromsringen
- Nordland: Ungdomsringen Salten
- Trøndelagsfylka: Midgardsormen
- Møre og Romsdal: Snu Nordvest – er ikkje formelt tilslutta NU, berre uformelt
- Austlandsfylka: Ungdomsringen på Austlandet (URA)
- Ungdomsringen i Rogaland Ungdomslag (URU)
- Egdingen (i Agder-fylka)
- I tillegg har Bygdelagssamskipnaden i Oslo og Bergen Ungdomslag Ervingen eigne ungdomsringar.

På 70-talet vart barnarbeidet organisert i Noregs Ungdomslag. Da starta ein også med å arrangere fylkesstemner for barn, det som no heiter *Barnestemner*. Her har også talet på stemner gått ned dei siste par tiåra, men stadig blir det arrangert 10–12 slike barnestemner for større område kvart år. Hovudaktiviteten her er dans, og alle øver på eit felles samdansprogram slik at alle kan danse saman når dei møtest. Typisk vil det vere ein ca. 100–250 ungar på slike barnestemner.

NU har også gjennomført ein del vanlege dansekurs i regi av landsorganisasjonen dei siste tiåra, mellom anna har dei stått bak kurs på mange barneskolar (over 100) i perioden – og rundt 50 kurs for vaksne.

1.2.2 Landslaget for Spelemenn, Norsk Folkemusikk- og Danselag og FolkOrg

På sentralt hald har LfS hatt eit folkedansfagleg utval på tre personar oppnemnt av styret store delar av perioden. Nemnda har stort sett diskutert kappleiksreglement, men også ein emneplan for bygdedansopplæring. Desse planane ser aldri ut til å vere sett ut i livet. Utvalet foreslo på slutten sjølv at det skulle leggjast ned og slåast saman med det folkemusikkfaglege utvalet i LfS.

FolkOrg har no ei arbeidsgruppe på tre personar oppnemnt av styret med eigen sekretær for å vurdere framtidig strategi for å styrke folkedansen. Arbeidsplanane til FolkOrg inneheld no mye meir om folkedans enn i føregåande år.

Faglege seminar

NFD

- Var medarrangør for eit danseseminar under Folkemusikkdagane i Ål i 2000. Innleiarar var Jan-Petter Blom og Egil Bakka, med Halvard Kaasa som debatt deltakar.
- «Open land» – Nordisk Folkemusikkkomité sitt halvårsmøte, vart i 2005 arrangert under Linköping Folkemusikfestival 7.–9. oktober. I samarbeid med festivalen arrangerte Nordisk Folkemusikkkomité framvising av nye nordiske danseproduksjonar. Frå Noreg deltok hallingdansaren Hallgrim Hansegård og spelemannen Andreas Ljones – i samarbeid med

Riksscene for folkemusikk og folkedans. I eit påfølgjande seminar der tradisjonell nordisk dans på scena blei drøfta, deltok Hansegård i panel.

- Debattmøte 17. mars 2005: *Tusen takk er verdas lønn, om å leva av folkemusikk og -dans*, ope møte arrangert av NFD tilknytt årsmøtet. Innleiarar var Ola K. Berge frå NFF og Arnfinn Bjerkestrand frå MFO.

LfS

- I samband med Folkemusikktreffen i Vågå 26.– 29. januar 2000 arrangerte LfS eit *bygdedansseminar*. Utgangspunktet for seminaret var bygdedansen si svake stilling rundt om – og den sviktande rekrutteringa mange lag opplever. Seminaret drøfta ulike problemstillingar, funderte over kvifor situasjonen er slik, og peika på moglege vegar å gå. Ca. 25 deltakarar.
- Same seminar vart også arrangert året etter i same setting. Denne gongen med ca. 30 deltakarar.
- I januar 2006 arrangerte LfS eit *tradisjonsseminar* i spel og dans på Lillehammer. Seminaret hadde 53 påmelde deltakarar.
- I mars 2007 arrangerte LfS eit nytt *tradisjonsseminar* i dans og kveding. Seminaret vart arrangert som eit helgeseminar i Oslo – kombinert med eit fylkeslagsmøte og eit møte med lokallaga i og omkring Oslo.
- Det vart gjennomført eit *tradisjonsseminar* i Førde i februar 2009. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Hordaland Folkemusikklag og Landslaget for Spelemenn med førstnemnde som teknisk arrangør. Seminaret gjaldt spel og dans.

Det har vore gjennomført ulike seminar om dans rundt omkring i landet som regionale eller lokale lag har stått bak, delvis i samarbeid med festivalane (for meir om festivalane, sjå kapittel 1.5.1). Det har vist seg vanskeleg å få inn ei konkret oversikt over omfanget av dette til denne rapporten, men det er i alle fall årvisse kurs eller kurs annakvart år i Gudbrandsdalen, Valdres, Hedmark og Sogn og Fjordane.

Instruktør opplæring

LfS/FolkOrg har tradisjon for å lære opp instruktørar i eigne lag. Dette fortel noko om at LfS/NFD og NU har ein delvis ulik tankegang når det gjeld tradisjonsopplæring. NU har hatt tru på å gi fagleg støtte også frå sentralt hald, gjerne av omreisande instruktørar, eller instruktørar som har framheva seg i eit nasjonalt repertoar. FolkOrg/LfS har lagt vekt på at instruktørar ikkje skulle komme «utanfrå» og lære bort lokale dansetradisjonar på dei ulike stadene. Eit kjernepunkt for mange i FolkOrg har vore og er at dei lokale miljøa forvaltar tradisjonen sin best sjølve, og at det er ein viktig kvalitet ved tradisjonsopplæringa i LfS/FolkOrg at dei som sjølve er i tradisjonen, står for opplæringa. Oppgåva til sentralleinga er først og fremst å drive overordna tilrettelegging. Dette har også vore sterke straumdrag i NU, men her har ein altså i tillegg hatt tru på pedagogisk og fagleg hjelp frå landsplan.

For meir om dette emnet, sjå boka *Norden i dans* av Egil Bakka og Gunnel Biskop (red.) (Bakka og Biskop, 2007).

I løpet av denne tiårsperioden kan ein på bakgrunn av opplysningar som har komme inn, anslå at det har vore arrangert ca. ti kurs for dommarar til kappleikar over heile landet.

Festivalar og kappleikar

NFD

- Arrangerte i perioden 2005–2007 festivalen Årinn. I planar og årsmeldingar står det at dette skulle vere ein festival for den klassiske og akustiske folkemusikken og -dansen. Det er nemnt berre eitt dansetiltak spesielt – og det var eit bestillingsverk der det var med dans til musikken. Konsertane var basert på folkemusikk, og det var dansefestar på kveldstid. Deltakartalet låg på mellom 100 og 300 personar.

LfS / FolkOrg

- arrangerer kvart år *Landskappleiken*. Dette er det største folkemusikk- og folkedansarrangementet i landet, der omkring 1500 stiller opp i konkurransane (både musikk og dans). På Landskappleiken blir det i tillegg til musikk konkurrert i bygdedans. Tevlingane er delt opp i ulike klassar etter alder og ferdigheit, og etter kva type instrument som spelar musikken (vanleg fele eller hardingfele). I tillegg til at par konkurrerer med kvarandre (eller enkeltpersonar i lausdansen (halling), blir det også konkurrert i lagdans. Tre dommarar dømmer kvar klasse. Det er stor prestisje i å vinne ei klasse på Landskappleiken, og det blir sett opp kongepokal i ei klasse kvart år. Den har vore gitt til soloklassane, inkludert pardans. Kongepokalen har i perioden vore delt ut i halling /lausdans i 2000 og 2007, i dans til hardingfele i 2002 og 2009 og i dans til fele i 2003 og 20010. På kveldane er det fleire dansegolv og mye variert dansemusikk og god dans, både bygdedans og runddans. Talet på deltakarar som stiller opp i Landskappleiken, har vore relativt stabilt heile tiåret med mellom 450 og 580 startnummer. Deltakarar på dansegolvet om kvelden har vore anslått til mellom 1300 og 1600.
- FolkOrg arrangerer også *Landsfestivalen for gammaldansmusikk*. Her har deltakartalet vore mellom 800 og 500. Deltakartalet gjekk mye ned på dette arrangementet midt på 2000-talet. Dette har no snudd. Frå og med 2010 blir det også konkurrert i dans, ikkje berre i dansemusikk. På kveldane er det store dansefestar på fleire golv, og her blir det stort sett dansa runddans, men med noko innslag av bygdedans av og til. Deltakarar på dansegolvet om kvelden har dei siste åra vore anslått til mellom 600 og 900.
- I 2009 vart Landskappleiken og Landsfestivalen slått saman til eitt arrangement: *NM i folkemusikk og folkedans*. Det var på Geilo. Det kom ca. 5 500 tilreisande.
- Sidan 2005 har også *FolkeLarm* vorte arrangert. På denne fagmessa er det stor sett konsertar, og på dei fleste messene har det også vore arrangert sosial dans om kvelden. Kvart år kan artistar sende inn demoar og håpe at dei kan presentere seg for både norske og utanlandske festivalar. Det er ein uavhengig jury som avgjer kven som får delta på FolkeLarm. I FolkeLarms femårige liv har det vore presentert ni danseproduksjonar.
- Sidan 2009 har det vore arrangert nordisk meisterskap i folkemusikk; *NORD* i Sälen i Sverige. Her plukkar FolkOrg ut deltakarar blant dei med dei beste plasseringane frå Landskappleiken og Landsfestivalen til å forsvare Noregs ære mot konkurrentar frå dei andre nordiske landa. Her møter det ein 100–200 personar totalt frå heile Norden.

Regionalt arbeid

Kappleikar

Fleire regionslag og/eller lokallag i FolkOrg arrangerer faste kappleikar kvart år etter same mønster som Landskappleiken.

Kjente kappleikar:

- Distriktskappleiken er ein kappleik for distrikta med vanleg fele. Denne har ikkje vorte arrangert etter 2003.
- Trøndelagskappleiken går på omgang mellom ulike stader i Sør- og Nord-Trøndelag. Her er det med ein 10–12 par i dans.
- Fylkeskappleiken i Møre og Romsdal er godt besøkt, men vi har ikkje klart å få tal på deltakarar her.
- Vestlandskappleiken går på omgang mellom ulike stader på Vestlandet. Her svingar deltakartalet kraftig gjennom perioden med ein topp i 2002 med 52 par og 6 lag i lagdans, før vi når botnen med 12 par og 4 lag i 2010. I 2011 deltok det 16 par og 4 lag.
- Fylkeskappleiken i Sogn og Fjordane har også hatt svært varierende deltakartal i løpet av perioden, med eit toppår i 2003 med 63 par og 13 lag på lagdans, før pilen peikar ned dei siste åra – og deltakartalet var i fjor 16 par og 4 lag i lagdans.
- Kappleiken under Jørn Hilme-stemnet samlar ca. 90–100 dansarar inkludert lagdans.
- På Lokalkappleiken i Valdres stiller ca. 50 dansarar.
- Telemarkskappleiken i Bø i Telemark blir arrangert kvar haust.
- Seljordkappleiken i Telemark: Her har talet gått noko ned dei siste åra, men det varierer mellom 10–17 par og 1–2 lag.
- Vestopplandsstemnet hadde 25 registrerte deltakarar i 2011.
- Setesdalskappleiken blir arrangert kvart år.
- Oslokappleiken – her er det med ein 7–10 par i tillegg til ein 6–10 deltakarar i lausdans og 3–5 lag i pardans.
- Gudbrandsdalskappleiken: 3–8 par stiller til dans kvart år i springleik. Her er det også tevling i runddans.
- Trysil-Knut-leken vart starta opp i 2007. Her stiller ca. 18 par kvart år og 4 lag i lagdans.
- Kappleik på Hedmark Folkemusikkklagsstemne – ca. 25 par stiller kvart år og seks lag i lagdans.
- Markenskappleiken på Kongsberg i februar har ein 20–40 dansarar kvart år – og alternerer med Buskerudkappleiken.
- Buskerudkappleiken blir arrangert kvar år på vinteren/våren. Deltaking som på Markenskappleiken på Kongsberg.
- VM i Rørospols har vorte arrangert sidan 2007 på Brekken. Her møter det ca. 200–300 personar.

Barne- og ungdomskurs

I løpet av sommaren er det nokre store kurs i folkemusikk og folkedans for barn og ungdom. Dette er:

- Møkurset (juni) i Førde (ca. 100 deltakarar)
- Strunkeveko (juli) i Valdres (ca. 110 deltakarar på hovudkurset og 30–40 på «Ministrunk»; 40–60 er med på dans)
- Ungfolk i Telemark (ca. 50 deltakarar)
- Buskerud folkemusikkklag arrangerer barne- og ungdomssamlingar i helger fast

- Det blir arrangert «Oslo-kurs» kvart år der alle deltakarane også får danseundervisning.
- Barentsungdom (august) i Målselv (ca. 50 deltakarar)
- Midtvinterdansen (februar) i Verdalen (ca. 250 deltakarar)
- Hilmars ungdomsringsamling og Barnas Dag i november på Steinkjer (ca. 50 deltakarar)

Det har etter kvart vorte vanleg å arrangere sjokoladekappleik for barn – ein kappleik der alle får premie i form av sjokolade. Det er no fem–seks slike som blir arrangert meir eller mindre fast som eiga tilskiping eller i tilknytning til andre arrangement som er nemnt her – og deltakartalet svingar gjerne mellom 5 og 15 par når det gjeld deltakarar i dans. Det er sjokoladekappleikar i Sogn og Fjordane, Ålesund, Molde, Asker, Oslo, Sigdal, Bø, Seljord og Valdres (Strunkeveko).

Alle desse kursa er ein kombinasjon av folkemusikk- og folkedanskurs. Anslagsvis går det kanskje ca. 150–200 personar på dei reine folkedanskursa kvart år.

1.2.3 Ei kort samanfating

Det faglege arbeidet med folkedansen har heile tida hatt stor og sentral plass i det skrivne planverket til NU, mens det så å seie har vore fråverande i planverka til NFD og LfS. Fagleg arbeid med folkedansen har no ein sentral plass i planverket til FolkOrg også på landsplan.

NU har hatt stor nedgang i sin lokale folkedansaktivitet dei siste 20 åra. Den lokale folkedansaktiviteten i LfS/FolkOrg ser ut til å ha vore relativt stabil i same tidsrom, men viser no ein nedgåande tendens på Vestlandet. NU har arbeidd hardt frå sentralt hald for å snu denne trenden, men har ikkje lykkast i særleg grad når det gjeld å halde oppe folkedansaktiviteten i organisasjonen. Medlemstala i dei to organisasjonane, om vi tel dei som arbeider primært med folkemusikk og folkedans, ser no ut til å vere relativt lik (sjølv om NU totalt har mange fleire medlemmer).

1.3 Arbeid i institusjonane

1.3.1 Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff)

Formålet til Rff er slik: «Rådet for folkemusikk og folkedans vil fremja, verna og føra vidare norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særreine kvalitetar.» Rådet for folkemusikk og folkedans er organisert som ei stifting med eit styre på fem personar. Tre av desse er valt av rådet for folkemusikk og folkedans, ein av NTNU og ein som representant for dei tilsette. Stiftinga har ein direktør som dagleg leiar, og to hovudgreiner som er prinsipielt fristilt frå kvarandre og har kvar sine budsjett og kvar si verksemd:

1) Det sakkunnige sju medlemmer store rådet har representantskapsmøtet som valforsamling og årsmøte. Rådet har no tatt opp ein diskusjon for å sjå på si eiga oppbygging og organisering. Saka var oppe på årsmøtet i november 2011, etter å ha vore diskutert heile året, og diskusjonen held fram på årsmøtet i 2012.

2) Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Rff-sentret) er ei eiga fagleg eining direkte under styret og direktøren. Sentret yter som ein del av verksemda si administrative og faglege tenester til rådet og representantskapsmøtet. I 2010 arbeidde det 23 personar på Norsk senter for folkemusikk og folkedans, av desse var 9 fast tilsette.

Rff behandlar dansefaglege tema på kvart einaste representantskapsmøte. Dei deler også ut økonomiske midlar til søkarar, men i årsmeldingane er det ikkje gitt opp kva som er til dansetiltak, og kva som er til musikktiltak i kvart enkelt tilfelle, så storleiken på støtte til dansetiltaka klarer vi ikkje no å dokumentere. Sidan dei har oppfatta dansen som svak i forhold til musikken, har dei likevel sørgt for ikkje å prioritere

ned tildelingar til lokale dansetiltak, men heller prioritert dei opp, sidan det også har funnest andre stader å søke støtte til folkemusikktiltak.

Rff-sentret

Rff sitt utøvande organ blir kalla Rff-sentret, eller Norsk senter for folkemusikk og folkedans, og er lokalisert til NTNU i Trondheim. Mye av arbeidet i sentret er konsentrert rundt forskning, undervisning og rådgiving. Dei har bygd opp ein omfattande portefølje av studium i dans og folkedans, og har no, om ein rekner med dei tilsette i dei ulike delprosjekta til Bygda dansar, totalt sju til åtte faglege stillingar for dans knytt til Rff. Dette store omfanget er relativt nytt, storparten av tida har det berre vore to til fire fagleg tilsette på dans.

Rff har det største folkedansarkivet i Nord-Europa (og det største folkemusikkarkivet i Noreg). I løpet av den siste tiårsperioden er arkivet auka med 599 timar med danseopptak på video, mellom anna frå Vestfold, Røros, Brekken, Todalen, av studentar på folkedansstudiet, av dans i samband med dei ulike Bygda dansar-prosjekta, frå landskappleikane, frå folkedanstheaterframvisningar, av norsk folkedans i USA, Volda, Folldal, Vestnes, Ålesund, frå mange av folkemusikkfestivalane, frå faglege seminar, og mange, mange andre stader. Unntaksvis er det også tatt opp tradisjonsdans frå andre land, som Polen, Romania og Kina.

Ei av dei store utfordringane til Rff har vore at spørsmålet om å få studere tradisjonsopptak i heile perioden har vore større enn kapasiteten sentret har hatt til å låne ut. Det har også vore ei utfordring at mange av opptaka har vore i eit format som har gjort at ein ikkje kunne låne dei ut. For å bøte på dette har Rff i løpet av perioden begynt å digitalisere samlinga si av danseopptak. Per 31.12.2010 hadde dei totalt fått digitalisert 2,5 Tb. Dette har også ført til at Rff i 2008 fekk oppretta www.folkedansporten.no (som ein av tre portalar på nettet – dei to andre er www.folkemusikkporten.no og www.kulturarvporten.no). Dette er ein portal der Rff kan legge ut videostraumopptak (streaming), og gi lokalmiljø tilgang til å studere opptaka slik. Enno er det ein del tekniske problem, men ein arbeider med å få løyst desse utfordringane.

Eit viktig mål for Rff er at dei vil stå til teneste for lokalmiljø som vil studere eigne dansar, og vere med på å revitalisere eller ta fram igjen dansar som er svekt eller har gått tapt i lokalmiljøet, mellom anna ved å bruke arkivopptak Rff sit med. Dei har utvikla ein eigen metode for dette arbeidet.

I den siste tiårsperioden har dei mellom anna hjulpet til med å få fram igjen i bruk eller få styrkt dansar frå lokalmiljø i Todal, Jostedal, Hallingdal, Folldal, Elverum, Stranda og Sykkylven, Sunnfjord, Skaun og Lindås. Dei har i løpet av perioden lånt ut 5 584 einingar med film til 417 ulike brukarar. Da er ikkje 2007 og 2008 rekna med i desse tala, for det stod ikkje oppgitt kvantitet på utlån i årsmeldingane frå desse åra, berre at etterspørselen er langt større enn det dei har klart å etterkomme. Eit bevis på dette kan ein kanskje sjå av at Rff har dobla utlånet sitt i 2010 i forhold til dei andre åra, etter at www.folkedansportalen.no er halvt oppe og går.

Dei tilsette, med Egil Bakka i fronten, har også ein utstrekt akademisk produksjon når det gjeld både foredrag og publikasjonar, både for musikk og dans, både nasjonalt og internasjonalt. Her har vi ikkje talt opp bidraga innanlands eller om folkemusikken, men om folkedans utanlands har Rff stått bak totalt 81 innlegg på ulike konferansar og som gjesteforelesingar på ulike universitet i tre verdsdelar. Det har vore trykt 32 artiklar i ulike internasjonale artikkelsamlingar og bøker. Tema har vore alt frå rørsleanalyse via gjennomgangar av norske dansetradisjonar og analyse av sosiale samanhengar til norske dansar i forhold til andre lands tradisjonar. Rff har også arrangert mange store og mindre internasjonale konferansar og forskarsamlingar i Noreg som har henta hit internasjonal danseforskning. Totalt har det vore halde 39

foredrag her til lands av utanlandske forskarar om folkedans, og da har vi ikkje talt med foredraga som er gitt berre inn i dei ordinære studieløpa som vi gjer greie for under.

Rff har også stått bak fleire seminar for hovudsakleg norske deltakarar. Det årlege representantskapsmøtet er allereie nemnt. Kvart år arrangerer Rff også seminar for folkemusikk- og folkedansarkiv både i Noreg og Norden. Også andre seminar har vore arrangert i løpet av dei siste tiåra. Totalt har Rff arrangert ca. 25 seminar med dansefaglege tema:

- Folkemusikk og folkedansarkivseminar ca. 8 stk. i løpet av perioden. Tema står ikkje i årsmeldingane.
- Ansvarleg for seminaret i Nordisk forum for folkedansforskning med 108 deltakarar (64 frå Noreg) 45 innlegg med manus – mange ulike tema.
- Criticism and analysis of dance – Forskarkurs/seminar.
- Norsk dansekunst for framtida: Utviklingsdugnad.
- Foredrag av Leif Stinnerbom da han fekk Rff-prisen.
- Prosjektet Samdans – kva kan moderne dans og folkedans lære av kvarandre når det gjeld koreografi og instruksjon? – I samarbeid med NU.
- Kroppsleg refleksjon og pedagogiske prinsipp.
- Rundebordskonferanse om folkedans i lys av UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv – om utdanningstilbod på høgsolenivå for utøvande dans
- Eit fransk-norsk forskingsseminar på Centre National de Danse i Paris om menuetten saman med franske og nordiske kollegaer.
- Tre seminar/kurs om «dans og uttrykk» i samarbeid med Strunkeveko og Jørn Hilme-stevnet i Valdres.
- Seminar om etablering av arkiv for folkemusikk og folkedans i Afrika. Norske partnerar i prosjektet var Universitetet i Stavanger og Høgskolen i Vestfold.
- Arbeidsseminar om feltarbeid i eit fellesprosjekt med Polen.
- Seminar om jostedalsspringaren i Jostedalen saman med lokale krefter.

Rff-sentret har også deltatt i internasjonale forskingsprosjekt i løpet av tiåret, som regel er desse fleirårige. Tre forskingsprosjekt pågår stadig: «Dansens historie i Norden 1800–1850», «Dance in Nordic Spaces» og «Field works: Towards collaborative research practices in dance». Eitt av dei fullførte forskingsprosjekta har i perioden resultert i ein mastodont av ei bok på 711 sider med tittelen *Norden i Dans. Folk – Fag – Forskning*, der Egil Bakka saman med Gunnel Biskop er redaktørar av verket. I løpet av denne tiårsperioden er det også gitt ut ei bok med danseinstruksjonar for songdansar frå Nord-Noreg av Sigurd Heide (tilsett hos Rff), Birgitte Rørvik Bruun og Anne Berit Heide av Troms Ungdomsfylking. Rff-sentret har også publisert standardlæreverket *Noreg i dans og spel* med både tekst og danseeksempel på DVD. Siri Mæland, fagtilsett på Rff, har fullført masteroppgåva si i denne tida om kjønnsroller i springarar frå Vestlandet og fått opprykk til førsteamanuensis. Ved sentret har det også vore fleire læremiddelproduksjonar til bruk i vidaregåande skole. Mye produksjon av kompendium til folkedansstudia ved NTNU har det også vore. Gjennom firmaet Dansevyrke har Egil Bakka saman med Dag Vårdal og Brit Versland produsert *Sveittedråpen*, eit pedagogisk verk berekna på nybegynnarar.

Folkedansstudium

Den største prestasjonen som Rff har stått bak, er likevel oppbygginga av eit studietilbod innanfor norsk folkedans ved NTNU. Studietilboda begynte med eit 10 vektals studium i folkedans, seinare tradisjonskunnskap, folkedans. Dette emnet vart til som eit tilbod saman med og til folkedansmiljøet i Noreg, og har heile tida vore berebjelken i oppbygginga av dansestudia. Sidan 2001 har studietilbodet

gjennomgått store endringar. Hausten 2002 skifta folkedansstudiet namn til dansevitenskap etter oppmoding frå NTNU. Etter kvalitetsreforma i høgre utdanning får dansevitenskap godkjent eit bachelorstudium i dansevitenskap.

Tidlegare grunnfags- og mellomfagsemne vart da oppdelt i fleire mindre emne, og emneporteføljen blir mindre oversiktleg, noko stadige skifte av namn og studiepoeng på emna indikerer. Etter oppbygginga av vidareutdanningskurset «Innføring i norsk folkedans» (15 stp.), som starta hausten 2001, ser fagmiljøet at vidareutdanningskurs er ein måte å utvide studieporteføljen og spisse emne direkte mot heilt spesialiserte grupper.

Nokre av vidareutdanningskursa har vorte årlege, som «Innføring i norsk folkedans» og «Norsk folkeleg dans».

Vidareutdanningskurs:

Innføring i norsk folkedans (15 studiepoeng). Starta i 2001 og er direkte retta mot skoleverket. Totalt er det gjennomført ti slike emne i løpet av tida, og totalt deltakartal som har fullført med eksamen, er akkurat 100 studentar. Det var etter innføringa av dette studiet ein såg mulegheitene til å opprette fleire både faste og ambulerande vidareutdanningskurs.

Norsk folkelig dans (15 studiepoeng) er starta opp av Vegar Vårdal, og blir arrangert i samarbeid med Noregs Ungdomslag og Folkekulturforbundet (no: Studieforbundet for kultur og tradisjon). Totalt er det gjennomført sju slike emne i løpet av tida (samarbeidet starta i 2004), og totalt deltakartal som har fullført med eksamen, er 84.

I tillegg er desse vidareutdanningskurs/påbyggingsemna gjennomført i perioden:

Teaterdansens historie (30 studiepoeng) starta i 2006, totalt har 29 fullført eksamen. *Improvisasjon som kreativt verkøy* (7,5 studiepoeng) gjekk i 2007 og 2011, totalt sju + seks tok eksamen. Samarbeid med Dans i skolen, *Populærdans på skjerm og scene* (15 studiepoeng) gjekk også i 2007, og totalt åtte tok eksamen. *Selskapsdans* (7,5 stp.) gjekk i 2005, *verdensdans* (7,5 stp.) i 2005, *dansepsykologi* (7,5 stp.) i 2006, *labanotasjon* (15 stp.) i 2010. Det var seks studentar.

Verdensdans tok 5 stk eksamen.

Selskapsdans tok 7 stk eksamen,

Dansepsykologi tok 10 stk eksamen.

Labanotasjon tok 6 stk

Bachelorstudium

Her er det gjennomført fleire større og mange mindre kurs på alt mellom 7,5 til 30 studiepoeng. Emna omfattar (her nemner vi berre nokre få): dansens historie og estetikk, dokumentasjon og notasjon, tradisjonskunnskap i folkedans og etnokoreologi.

Det er opptak til bachelorstudiet kvart tredje år. Det blir gitt 30 studiepoeng per år, dei seinare åra har dette vore opp til 60 stp. per år.

Studentar kan ta bacheloremna som deltidsstudium, intensivkurs. Studentmassen er hovudsakleg vaksne folk i anna arbeid, eller studentar som tar andre studium i tillegg. Til folkedanssemna søker folkedansarar, folkedansinstruktørar og dommarar. Til etnokoreologi, dokumentasjon og notasjon, og dansens historie og estetikk, eller ein kombinasjon av desse, kjem ballettpedagogar og andre danseinteresserte.

Sidan oppstarten har 13 kull teke tradisjonskunnskap I og II (30 stp.). Opptaksramma er på 20 studentar. Studentar med eksamen: 24 studentar i 2003, 17 studentar 2005, 21 studentar i 2008, 7 studentar 2009 og 5 studentar 2011. Det har vore ein klar nedgang.

Sjette kullet med allmenn folkedanspedagogikk/folkedansmetodikk går no. 12 studentar er venta å gå opp til eksamen V 2012, mot 15 studentar i 2006, og 12 studentar i 2009.

Sidan oppstarten har seks kull teke emna etnokoreologi, dokumentasjon og notasjon, og dansens historie og estetikk. Desse emna har hatt fire kull på 2000-talet på grunn av at dei også er mastergradskvalifiserande for dansarar med utøvande eller pedagogiske danseutdanningar. Studenttalet har gått ned også her med 26 studentar våren 2002, til gjennomsnittleg sju studentar per emne 2010–2011.

I alt er det avlagt ca. 330 eksamenar med ståkarakter i løpet av denne tida.

Bachelorprogram dansevitenskap, studieretning dansevitenskap er ei treårig utdanning og består av 180 studiepoeng. 90 stp. av desse er **obligatoriske emne i dansevitenskap**. 22,5 stp. er obligatoriske **fellesemne**: *ex.phil.*, *ex.fac.* og *perspektivemne*. **Valfrie emne/støttefag** på 67,5 studiepoeng.

Dei obligatoriske emna i dansevitenskap per 2011 er:

- tradisjonskunnskap og tradisjonspraksis, folkedans (30 stp.)
- folkedansmetodikk og feltarbeidsemne: etnokoreologi, dokumentasjon og notasjon (30 stp.)
- dansens historie og estetikk og valfri prosjektoppgåve (30 stp.)

Våren 2010 fullførte fire studentar studiefordjupinga bachelor i dansevitenskap.

Nytt kull til bachelorstudiet startar hausten 2012.

Utøvarstudium i tradisjonsdans

I 2009 vart det for første gong starta utøvande bachelorstudium i norsk folkedans på full tid.

Dette er eit fulltids profesjonsstudium og er eit eksternfinansiert treårig prøveprosjekt.

Emna utøving og formidling dannar kjerneemna i studiet saman med emne som tradisjonskunnskap, folkedans, grunntrening og helse og arkivkunnskap. Dei fire studentane har så langt vist to ulike studentframsyningar: «Nokon kjem til å kome» og «Å være seg sjøl er bevegelse. Jeg oppstår i møte med andre menneske», mellom anna på Riksscenen, Osafestivalen og Hilmarfestivalen hausten 2011, og førebur avsluttande eksamenar våren 2012.

Masterstudium

Rff har vore drivande kraft bak eit nordisk (no internasjonalt) masterstudium i dans som starta opp i 2004, i samarbeid med universiteta i København, Stockholm og Tammerfors. I alt 25 studentar frå NTNU kan kalle seg master of arts i dans, men berre fire har så langt spesialisert seg på folkedans. Alle desse fire er no i arbeid i jobbar relatert til folkedans. Frå hausten 2012 startar dansevitenskap eit prestisjetungt Erasmus mundus-program, Choreomundus, som får studentar frå heile verda – dette i samarbeid med universitet i Frankrike, Storbritannia og Ungarn.

Sidan-hausten 2003 har dansevitenskap årleg vore vertskapsuniversitet for etnokoreologi – internasjonalt seminar for nye etnokoreologar (7,5 stp). Desse seminarane har dei seinare åra vore EU-finansierte og hatt namna IPEA og IPEDAM. Ti samarbeidande europeiske universitet møtest med danseforskarar som lærarar og bachelor-, master- og doktorgradsstudentar til ti dagars intensivt studium. Desse seminarane er svært populære med 50–60 studentar kvart år. Det har vore med to til ti norske studentar kvar gong.

Ph.D.-studium

Egil Bakka er rettleiar for ein student på doktorgradsnivå. Det blir stadig sendt søknader om doktorgradsstipend, men så langt er det berre innvilga to slike.

Trass i stor suksess med oppbygging av desse studia ser ein no heilt i det siste ein nedgang i søknadene til studia. Rff-sentret tok derfor kontakt med NU og FolkOrg om samarbeid om folkedansemna tradisjonskunnskap, folkedans og folkedansmetodikk, som har resultert i ei samarbeidsavtale i 2012.

Bygda dansar

Rff står også bak rekrutteringsprosjektet Bygda dansar. Vi vil behandle dette litt utførleg, sidan det er eit prosjekt som har hatt suksess når det gjeld nyrekruttering det siste tiåret:

Bygda dansar (BD) er utvikla og bygd opp hos Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans og blir nå drive av stiftinga sitt senter Norsk senter for folkemusikk og folkedans, Rff-sentret. Prosjekta blir drivne i samarbeid med FolkOrg og Noregs Ungdomslag, og delprosjekta blir drivne i samarbeid med deira fylkes- og regionalledd.

Følgjande Bygda dansar-prosjekt er gjennomført eller i drift:

- Fjordapuls, Sogn og Fjordane (haust 2001 til vår 2004)
- Snu nordvest, Møre og Romsdal (haust 2004 til vår 2007)
- Lea de, Oppland (haust 2007 til vår 2010)
- Danseru', Buskerud (haust 2009 til vår 2012)
- Trø te, Nord-Trøndelag (haust 2010 til vår 2013)
- Egdedans i Vest-Agder (haust 2011 til vår 2014)

Arbeidsform

Prosjekta samarbeider tett med lokale fagfolk på folkedans, fagfolk frå det nasjonale fagmiljøet på folkedans og lokale og nasjonale fagfolk innanfor profesjonelt teater og scenedans. Slik ønskjer ein å skape kontinuitet, gjensidig kompetanseutveksling og eit breitt fagmiljø der det kunstnarlege og det kulturvernande samverkar. Representantar for desse ulike gruppene vil fylle kvar sine roller i arbeidet, noko som er rasjonelt og kvalitetssikrande. Bygda dansar har framifrå røymsler med denne oppbygginga frå gjennomførte delprosjekt.

Arbeidsplan

Rekrutteringsfase: Eit ungt velutdanna instruktørpar, den eine personen frå prosjektfylket og den andre frå Rff-sentret, reiser saman med ein lokal musikal og gir to gonger to timars folkedansinstruksjon i dei siste stega i ungdomsskolane og det første klassesteget i vidaregåande skolar i fylket. Alle skolane i fylket får tilbodet, og prosjektet fyller ønska frå skulane så langt ressursane rekk. Målet er å styrke folkedansen i skolen og motivere for og rekruttere til spesialisert undervisning utanfor skolen.

I løpet av rekrutteringsfasen rekrutterer Bygda dansar ei gruppe på opp til 100 ungdommar til spesialisert opplæring i folkedans, i hovudsak utanfor skolen. Undervisninga vil legge hovudvekta på det lokale, men med eit fleirkulturelt innslag der det er mogleg. Bygda dansar etablerer fem til sju lokale øvingsstader der ein held lokale øvingar, i hovudsak med lokale instruktørar, kvar eller annakvar veke. Bygda dansar held to–tre helgesamlingar kvart halvår for heile fylket der ein samlar dei mest interesserte frå dei lokale øvingane. Her møtest medarbeidargruppene i prosjektet for å gi ungdommane høgt spesialisert og mest

mogleg individuell opplæring. Etter kvart inneheld helgesamlingane både spesialisert danseopplæring og teaterarbeid.

Bygda dansar vel ut ei gruppe på dei 30 dyktigaste ungdommane til eit ensemble som skal sette opp to sceneframсыningar, ei elevframсыning på hausten frå starten av andre prosjektåret og ei sluttframсыning som set punktum for prosjektet etter tre år våren 2010. Her blir det lagt opp til nye presentasjonsformer for folkedans. Dette kan vere teater, film, sirkus og andre sceneformer, men den lokale folkedansen skal vere det berande elementet i framсыningane.

Halvår	Undervisning i skolen	Undervisning utanfor skolen	Øvingstema utanfor skolen
Haust 1	Instruktørgruppe i skolen	Helgesamling	Mest dans
Vår 1		Lokale øvingar, helgesamlingar	Mest dans
Haust 2		Lokale øvingar, helgesamlingar	Dans og litt scene
Vår 2		Lokale øvingar, helgesamlingar	Dans og scene
Haust 3		Lokale øvingar, helgesamlingar	Dans og scene
Vår 3		Lokale øvingar, helgesamlingar	Øving mot framсыning

Mål for Bygda dansar generelt

- Å sikre at landet til kvar tid har gode frilans tradisjonsdansarar (dansepar) frå mange regionar som på individuelt nivå kan vise fram pardansar og halling i ulike samanhengar.
- Å sikre at landet til kvar tid har eitt folkedansensemble som kan presentere folkedans som ein del av kulturarven vår.
- Å utvikle nye idear og teknikkar for presentasjon av folkedans.

Mål for eit lokalt ensemble

1. Å rekruttere og lære opp til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå ei gruppe unge dansarar innanfor ein lokal eller regional dansetradisjon.
2. Å rekruttere nokre få toppdansarar innanfor denne tradisjonen som vil satse på dansen som del av yrkesverksemda si på lengre sikt, som frilansdansarar, pedagogar o.l.
3. Å gi ungdom, særleg i Bygde-Noreg, eit tilbod om å arbeide med dans på eit høgt nivå.
4. Å hjelpe fram dans som attåtning, ikkje minst i bygdemiljø.
5. Å gi regionen røynsle med å arbeide med kunstnarlege og sceniske uttrykk på eit godt nivå.
6. Å styrke fagkompetansen for dans i lokalmiljøet, regionen.
7. Å inspirere og styrke det vanlege, friviljuge folkedansarbeidet.
8. Å styrke den lokale/regionale folkemusikken mellom anna ved å knyte han sterkare til dansen som han alltid har høyrte saman med.

Synergieffektar

Bygda dansar legg stor vekt på å skape synergieffektar. Dei deltakande ungdommane i alderen ca. 14–18 er første målgruppa, men ved at vi engasjerer unge førebilete, får også ei målgruppe som er fem–ti år eldre

enn prosjektdeltakarane, sjanse til å utvikle seg vidare, samstundes som dei er viktige i motiveringa av dei yngste.

På same måte får vi ein synergieffekt mellom Rff-sentret og dei lokale instruktørane, der ein utvekslar kunnskap og erfaring begge vegar. Rff-tilsette lærer av instruktørane når det gjeld lokal tradisjon, og dei lokale instruktørane får påfyll når det gjeld pedagogikk og utnytting av tradisjonsmateriale frå arkiva.

Prosjektet tek på seg fleire oppgåver når det gjeld arbeid for og med folkedans.

I fagplanane for skolen er det krav om litt folkedansopplæring, men dei fleste skolar manglar kompetanse til å følge opp. På danselinjene i vidaregåande skole blir det undervist svært lite i folkedans. Bygda dansar gir da eit tilbod som kan bøte litt på mangelen. Kulturskolane burde naturleg gi opplæring også i folkedans, men det skjer i svært liten grad, og Bygda dansar erstattar i nokon grad dette i fylka der prosjektet arbeider. Prosjektet tek seg også av talentutvikling som mange kulturskolar driv for andre sjangrar.

Slik sett sameiner Bygda dansar eit arbeid som styrker den særprega tradisjonen vi har i samværsdansen, og gjer han dagsaktuell gjennom kunstnarleg bruk av teknikk og element.

Prosjektet sikrar eit minstemål av den satsinga på folkedans som burde ha vore i skolar og kulturskolar, og driv på same tid eit fagleg sterkt og velfundert kulturvernarbeid.

Bygda dansar har altså lykkast godt som prosjekt, og det har resultert i nyrekruttering til miljø der prosjektet har gått. Spørsmålet er likevel om det er muleg å sjå på kva som skjer vidare i områda der Bygda dansar har vore, i det prosjektet går vidare. Får dei etablerte gruppene som blir igjen, etter nokre år same «sjukdom» når det gjeld nyrekruttering som så mange andre grupper får? Korleis kan i så fall det motverkast? Motspørsmålet kan vere: På kva slags grunnlag kan nye generasjonar ønskje seg å samlast til folkedans? Dekker termen «grupper» det ein ser for seg? Kanskje skal ein heller sjå for seg at Bygda dansar-ungdommen kan vere med på å skape nye slags arenaer?

1.3.2 Utdanning: NTNU, Ole Bull-akademiet, Frikarakademiet og Manger Folkehøgskule

Etter kvart har fleire utdanningsinstitusjonar også tatt opp folkedansen. Vi viser her til det vi over har skrive om studia ved **NTNU**, som er drivne av Rff. Utøvarstudiet her blir drive i samarbeid med **Ole Bull-akademiet på Voss**.

Manger Folkehøgskule utanfor Bergen har hatt fem årskull. Dei har også slite med å få fylt opp linja, og i 2010 måtte dei avlyse kurset. I skoleåret 2011/12 er det derimot seks elevar, og kurset går.

Frikarakademiet tok i 2008 opp seks elevar etter opptaksprøve. Dei øvde ca. ein gong i månaden i to år, og avslutningsframsyninga deira var å danse med FRIKAR på Den norske opera og ballett i Oslo i ei utvida «Kruk»-framsyning. Da hadde allereie fleire av dei fått jobba profesjonelt med dansekompaniet. Fire av elevane frå Frikarakademiet er no ein del av dansekompaniet FRIKAR. Frå 2012 ønskjer Frikarakademiet å starte ei «toppidrettslinje i akrobatisk scenekunst» på vidaregåande skolenivå i Valdres.

Ei undersøking gjennomført av Bjørn Aksdal ved Rådet for folkemusikk og folkedans i 2008 (Aksdal 2008) viser at berre 4,4 % av **kulturskolane** tilbyr undervisning i folkedans. Heile 95,6 % gjer det ikkje. Aksdal skriv (s. 9): «Flest kulturskoler oppgir 'mangel på etterspørsel' som hovedårsak til manglende folkedanstilbud (28 %), etterfulgt av 'annet tilbud i kommunen' (22 %) og 'mangel på lærere' 18 %. Økonomien kommer først på fjerde plass med 12 %.»

Organisasjonen NORDLEK arrangerer kvart andre år ein nordisk folkekulturkongress. I København i november 2010 var tittelen «**Folkedans i skolen**. En kongress for politikere og byråkrater i undervisningssektoren, lærere, folkedansinstruktører og andre interesserte.» Her var det teoretiske innlegg og praktiske demonstrasjonar frå alle nordiske land. Det vart publisert ein rapport etter kongressen, og hovudkonklusjonane i rapporten er:

- Det skjer mye rundt omkring i Norden på ulike skolar, og mange organisasjonar har tilrettelagde undervisningsverktøy.
- Mange skolar er mistenksame til folkedansen, og fryktar propaganda-aktivitet om dei slepper til folk som ikkje er tilsett i skoleverket frå før.
- Dei som går inn i skolen og tilbyr kurs, må vere profesjonelle og ha dette som arbeid for at det skal lykkast.
- Marknadsføringa og salet til skolane må også vere profesjonelt. Det må stå eit profesjonelt managerapparat bak for å lykkast med innsal.
- Arrangørane klarte ikkje å få nok politikarar i tale og dialog om utfordringane.

Det tradisjonelle dansekunstfeltet har så langt hatt monopol på høgre utøvarutdanning i dans, og er såleis det som blir oppfatta som det «normale» i skoleverket. Det blir utdanna ca. 90 utøvarar kvart år. Desse er utdanna ved Kunsthøgskolen i Oslo, Den Norske Balletthøgskole og Høgskolen i Stavanger. Da er ikkje pedagoglinjene tatt med, sjølv om både Den Norske Balletthøgskole og Høgskolen i Stavanger har store innslag av dette i alle sine utdanningar. Det er forsvinnande få personar med bakgrunn frå folkedansen som søker seg til desse linjene, og det har vel heller ikkje vore rekna som særleg relevant. Eitt unntak er Sigurd Heide, som vart uteksaminert frå koreograflinja ved Kunsthøgskolen i Oslo i 2010.

1.3.3 Riksscenen

Riksscenen – Riksscene for norsk og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans vart skipa som stiftelse 16. mars 2007 av Juoigiid Searvi, Landslaget for Spelemenn, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkemusikk- og Danselag og Samspill International Music Network. Formålet til Riksscenen er å vere ein nasjonal møteplass for aktørar innanfor sektoren og publikum. Jan Lothe Eriksen i NFD var den største pådrivaren for dette, og også Riksscenenens første direktør.

Scena ligg i Oslo, og har så vidt starta det kunstnariske arbeidet sitt (opna i september 2010). Mesteparten av tida hittil har gått med på å få reist det fysiske bygget med tre scener, derimellom ei hovudscene med plass til 300 tilskodarar. Golva er spesialtilpassa folkedans, og målet er at både norsk og internasjonal folkemusikk og folkedans skal sleppe til her. Det gjer det også, det første driftsåret viser ein imponerende aktivitet med forholdsvis beskjedne summer å produsere for. Trass i stor aktivitet må Riksscenen så langt bruke ferdig produserte framsyningar på sine scener. Økonomien tillet derfor ikkje Riksscenen å ha den rolla i miljøet som initiativtakar og nasjonal motor innanfor feltet nyproduksjon og nyskaping.

Det er sett ned ei eiga gruppe som gir råd til direktøren om dansesatsing på Riksscenen, og det er sett i gang ulike konkrete program for å styrke dansen. Desse programma går bra. «Dansedykk» går djupt ned i ein tradisjon, «Dansescenen» viser danseframsyningar, og «Dansefest» legg vekt på det sosiale aspektet i samværsdansen.

Interessant er det da å merke seg at når det kjem til det vi kallar norsk folkemusikk og folkedans, er det stort sett folkemusikk som kjem på scena, og dette sjølv om noverande direktør Helge Skansen brenn for folkedans på scena og arbeider for å få til slike framsyningar. Ei storsatsing er danseprosjektet «Villemann og Magnild», som hadde Riksscenen som ein av tre samarbeidspartar (dei to andre var Jørn Hilde-stemnet (sjå s. 30) og musikarane.) Det var premiere på Riksscenen 17. mai 2011. Som avsnitt 1.5.2 viser, så er det ikkje, og blir stadig ikkje produsert mange danseframsyningar basert på norsk folkedans i Noreg, sjølv om

talet har vakse dei siste ti åra. Skal ein gjere dette på profesjonelt nivå, er det dessutan dyrare enn å sette opp reine konsertar, sidan danseframsyningar i tillegg til musikk, lys og teknikk på det noverande stadiet inneber utvikling av eit nytt formspråk. I tillegg får danseframsyningar meir likskap med teaterstykke enn med musikk-konsertar når det gjeld kostnader. Dette på grunn av utvikling av teknikkar, koreografi, kostyme og oftast fleire involverte personar, og på grunn av dette lengre innøvingstid av eit stykke. I tillegg kjem prisen på musikken. Reine musikk-konsertar er dermed under halvparten så dyre å produsere som danseframsyningar.

Det var heilt frå starten meininga at Riksscenen skulle samarbeide og fungere saman med seks–sju regionale senter for folkemusikk og folkedans, og slik såg også eit einstemmig storting det i ein merknad i Innst. S. nr. 155 (2003–2004): «Komiteen vil understreke hvor viktig det er at en nasjonal scene i Oslo-området blir knyttet opp mot de levende folkekulturelle miljøene rundt om i landet, og at institusjonen blir koblet opp mot både nye og eksisterende regionale sentra for folkemusikk og folkedans.» (Vår understreking)

1.3.4 Regionale senter for folkemusikk – kva da med dansen?

Stortingsmelding 21 (2007–2008): *Samspill* bygger på fleire kjelder, mellom andre musikkorganisasjonane sitt dokument *Samstemt*. Stortingsmeldinga slår fast at det skal dannast «kompetansenettverk for rytmisk musikk» (dvs. pop/rock, jazz og folkemusikk), og Kultur- og familiekomiteen på Stortinget slo i 2009 fast (i statsbudsjettet for 2010) at slike nettverk skulle finnast i alle landsdelar. No finst det seks slike nettverk i landet (Nord, Midt, Vest, Sør, Austlandet og Aust-Noreg). Kvar av desse nettverka er sett saman av partnarar innanfor kvar sjanger. Innanfor folkemusikksjangeren er desse med:

- Folkemusikk Nord, lokalisert i Målselv
- Stiftinga Hilmar Alexandersen, lokalisert i Steinkjer
- Førdefestivalen, lokalisert i Førde
- Austnorsk folkemusikksenter, lokalisert på Fagernes i Valdres
- Buskerud Folkemusikksenter, lokalisert i Sigdal
- Telemarksfestivalen, lokalisert i Bø i Telemark

Ei av hovudutfordringane til folkemusikkpartnarane i nettverka er at mens dei langt fleste andre partane i nettverka (altså innanfor rock/pop og jazz) har ei statleg grunnfinansiering i botnen, har ikkje folkemusikken det. Dette fører til at dei seks partane over stiller med svakare ressursar inn i samarbeidet med dei andre sjangrane, og da blir det vanskelegare å gjere ein jobb for sine utøvarar og også å tilby sine tenester til dei andre sjangrane. Det er gledeleg at dei andre sjangrane har fått sine senter, men no er det også på tide at staten jamstiller dei tradisjonelle sjangrane i landet med rock/pop og jazz.

Da fagorganisasjonane innanfor sjangrane starta arbeidet med *Samstemt*, låg det som ein føresetnad at kvar enkelt sjanger og samarbeidspart måtte få ei finansiering i botnen før det kunne opprettast nettverk mellom sjangrane som kunne gi synergieffektar. Deretter skulle ein søke midlar saman. Dette skjedde ikkje, og staten meinte at ein burde arbeide saman sjølv om nokre mangla midlar til å arbeide for seg sjølv. No er det nettopp starta eit samarbeid for å prøve å skaffe statleg grunnfinansiering til dei seks folkemusikksentra som arbeider opp mot dei andre sjangrane i kompetansenettverk.

Interessant da blir det å sjå kva plass folkedansen kan få oppe i dette. Folkemusikk Nord har allereie produsert to danseframsyningar. Dei fleste sentra ser på seg sjølv som folkemusikksenter (og så seier alle at dei sjølvsagt også reknar folkedansen som ein del av dette). Vi er her i ein situasjon der folkemusikken er så totalt «veslebror» når det kjem til ressursar – og folkedansen er «veslesøster» i forhold til

folkemusikken i dette arbeidet så langt. Om ei slik satsing skal kunne bli eit løft for folkedansen, bør det planleggast med det i sikte heilt frå starten. Vi kjem tilbake til dette i kapittel 4.

1.4 Kva har skjedd utanfor organisasjonane?

1.4.1 Festivalane

I løpet av det siste tiåret har vi også sett at folkemusikkfestivalane har vorte sterkare, og desse utgjør viktige og betydelege dansegolv. Dei største folkemusikkfestivalane er i landet i alfabetisk rekkefølge:

Den Norske Folkemusikkveka
Førdefestivalen
Haukeliserfestivalen
Hilmarfestivalen
Jørn Hilme-stemnet
Kalottspel
Nordsjøfestivalen
Osafestivalen
Telemarksfestivalen

Desse festivalane har innimellom framsyningar med scenisk folkedans, og på kveldane er det også dansefestar. Mange av festivalane er sjølveigande stiftingar, eller foreiningar. Mange av dei har lokale og regionale spelemannslag og ungdomslag som stiftarar og eigarar, og fleire har også landsorganisasjonane blant stiftarar eller eigarar.

Verdt å merke seg er at fleire festivalar har sett opp nyskapande danseframsyningar, dette gjeld for eksempel knutepunktsfestivalen Førdefestivalen. Gjennom eit langt og godt samarbeid med Sogn og Fjordane Teater, men også på eiga hand har festivalen gjennom mange år produsert fleire vellykka og til dels også store framsyningar med folkedans som grunnuttrykk. Dette gjeld også Kalottspel og Jørn Hilme-stemnet. Den store sceniske dansesatsinga til Jørn Hilme-stemnet i 2011, Villemann og Magnhild, kosta 400 000 kroner. Det er få, om nokon, musikk-konsertar som kjem opp i denne prisklassen. Den Norske Folkemusikkveka stod bak Kruk, som vart første framsyninga til Frikar. Vi ser altså at det ofte er ei eller to danseframsyningar på festivalane, men trass i at det er mye dans på festivalane, har ingen av festivalane spesialisert seg i å produsere danseframsyningar i stor skala. Det er ei til to danseframsyningar og 20–60 musikkframsyningar kvart år. Dette kan vere tilfeldig, men vi vil også peike på at den statlege støtteordninga til festivalar gjeld musikkfestivalar, og folkedans har hittil ikkje vore rekna som ein del av folkemusikken. Om staten vil stimulere folkedansen, er kanskje tida inne for å spesifikt å nemne folkedansen som ein del av støttevilkåra når det gjeld støtte også til musikkfestivalar.

Hittil har ein ikkje sett at staten har vilja gå inn og positivt kvotere inn folkedansen som ein del av folkemusikken, med den argumentasjonen at det er viktig å likebehandle alle musikksjangrar. Dette betyr også at staten så langt ikkje har sett desse støtteordningane som relevante i forhold til internasjonale konvensjonar som UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv. Den slår fast at dei statane som underteiknar denne konvensjonen, har ei spesiell plikt til å verne sin eigen immaterielle kulturarv. Vi vil drøfte dette nærare i kapittel 3. Sidan det er så mye dyrare å produsere danseframsyningar enn konsertar, bør ein kanskje sjå på om det ikkje er på tide å heve tilskottsnivået for folkemusikkfestivalane opp på nivået for jazzfestivalane. Ei ny ordning, «Arrangørstøtte for dans», har no nettopp sett dagens lys i Kulturrådet. Korleis dette vil slå ut for folkedansen, er ikkje godt å seie, men det vil kanskje vere naturleg at folkemusikkfestivalane inkluderer folkedansframsyningar i dei allereie eksisterande festivalane? Eller at folkemusikkscenene også kan ta mål av seg til å vise folkedansframsyningar?

1.4.2 Folkedans på scena

Hovudkjelda til dette kapitlet er artikkelen «Folkedans i sceniske oppsettinger etter 1950 i Norge» av Kari Margrete Okstad. I Bergen, Oslo, på musea i Fagernes og Molde, i Lofoten og ein del andre store turiststader har det heilt sidan tidleg på 1950-talet, og truleg enda lengre bak i tid, vore framsyningar for turistar i sommarsesongen. Desse har tradisjonelt lagt vekt på eit nasjonalt repertoar. Her har det vore lagt vekt på at ei heil dansegruppe framfører dansar i samarbeid. I tillegg har det sjølvsagt vore brukt ein del enkle sceniske grep. Dette blir ført vidare også i dag.

Landskappleiken, regionale kappleikar og framsyningskappleiken er alle omtalt ovanfor. Dette er også scenisk dans, men han har vore iscenesett på ulike måtar. Kappleikane i spelemannsmiljøa har stort sett vore lagt opp på same måte heilt sidan starten av 1900-talet, med soloutøvarar i laus og dansepar som dansar ein bygdedans. Den einaste forskjellen er at det også har komme til ei klasse for lagdans. Her dansar alle same dans samtidig. Framsyningskappleiken til Noregs Ungdomslag har hatt som formål å stimulere til nytenking av scenisk framføring i eit format på 15 minutt der minst to av dansegruppene (bygdedans, runddans, turdans, songdans, songleik eller dansar frå 1900-talet) har vore representert.

I tillegg har det frå 1990-talet vakse fram eit par miljø som har arbeidd med folkedans på scena og da i heile framsyningar. Først ute var truleg BUL Oslo, som med gruppa Folkedansteatret ville ta dei første stega inn i «fortellingens tidsalder». (Gruppa vart etter kvart ein sjølvstendig organisasjon.) Her var mye av inspirasjonen henta frå Leif Stinnerbom, instruktør og teatersjef på Västanå teater i Sverige. Han har også vore brukt ein del på kurs i NU – og etter kvart også i ulike framsyningsprosjekt i Bygda dansar. Høgdepunktet i denne retninga med å fortelje historier ved hjelp av dans var truleg Riksteateret si oppsetting av «Trylleflyta». Stinnerbom har også vore instruktør i «folkedansteatersommarspelet» «Sol av Isfolket», som har gått i Valdres fleire somrar. I tillegg til Leif Stinnerbom har Kjell og Sigurd Klausen (sistnemnde profesjonell frilansskodespelar og instruktør utdanna frå England) frå folkedansmiljøet arbeidd ein del med dette og stått for fleire oppsettingar, også på Sogn og Fjordane Teater. Martin Myhr må også reknast som ein pioner på dette feltet. Med fleire kongepokalar i halling er han ein av få som har levd som profesjonell pedagog og dansar gjennom mange år. Han står bak fleire oppsettingar. Mellom anna har han og Ellen Persvold vore instruktørar på kurset folkedansteater på Strunkeveko i fleire år, og dei har regissert avslutningskonserten som ei teaterframføring der dansarane står sentralt.

Ei anna retning – der ein ikkje vil fortelje historier, men vise fram dansen scenisk – har gruppa Fant og Fente stått for. Mest kjent, og med størst suksess, innanfor denne retninga er utan tvil gruppa FRIKAR, som med Hallgrim Hansegård i spissen er i ferd med å skape seg eit internasjonalt namn. FRIKAR bygger stort sett på hallingtradisjonen i sine arbeid, og på 2000-talet har dei på det meste hatt seks til ni årsverk for frilans folkedansarar.

I 2010 var Sigurd Johan Heide ferdig utdanna som den første uteksaminerte koreografen frå Noregs kunsthøgskole med annan bakgrunn enn ballett, moderne dans eller samtidsdans. Han har arbeidd i Bygda dansar som prosjektleiar og bruker koreografiutdanninga si i dette arbeidet. Han har no permisjon herifrå, og arbeider på heiltid som koreograf, pedagog og dansar. Han har allereie fleire verk bak seg som koreograf, dansar eller produsent, og utanom mange skoleframsyningar har han skapt fem store produksjonar på eiga hand, og vore hyra inn som medkoreograf eller produsent i mange fleire, både danse- og teaterproduksjonar.

Fleire yngre i dei ulike folkedansmiljøa synest dette er eit spennande arbeidsområde, og om det kjem pengar til dette arbeidet, vil vi kanskje sjå ei oppblomstring her. Førebels har det stort sett vore enkeltsatsingar, og miljøet som arbeider i denne retninga, er enno lite sett i forhold til det myldret av profesjonelle frie dansegrupper som finst i heile landet. Noreg har to profesjonelle dansekompani:

Nasjonalballetten og Carte Blanche, som står trygt innanfor kvar sine greiner av den vestlege hovudstraumen av dansekunst. Kan ein sjå dette i samanheng med Bygda dansar og/eller Riksscenen og/eller dei regionale kompetansesentra som veks fram no?

1.4.3 Gammaldansmusikarane og mysteriet med dei forsvunne dansefestane

Gammaldansgruppene, og dermed gammaldansmusikarane, har vorte merkbart færre det siste tiåret. Ifølgje kulturarbeidaren og musikaren Arild Hoksnes er dette hovudsakleg på grunn av at dei ikkje har nokon marknad lenger. Desse gruppene har møtst av fleire grunnar: Sjølv sagt har musikken og kvalitetane i den vore det viktigast argumentet, men for mange har det også vore viktig og artig å spele i lag, gruppene har likt å spele til dans, og dei har hatt ein økonomisk motivasjon for å gjere det. Da runddansen voks fram, var han populærmusikken utover bygdene, og han endra seg gradvis med nye instrument og besetningar, men mye av musikken var likevel populærmusikk. Folk møtte opp for å høyre musikken som var «in», og som dei likte. Musikk er med på å forme ungdomstida til folk. Som det går fram av Egil Bakka si bok *Norske dansetradisjonar* (s. 15 ff), var det helst frå konfirmasjonsalderen og fram til giftealder (ca. 20–25 år) ein dansa i det gamle bondesamfunnet, om det ikkje var store allaldersfestar som bryllaup og liknande. Det er stadig slik at det er i denne alderen folk går på festar, sjølv om ungdomsalderen no varer lenger enn det han gjorde den gongen.

Den musikken som er in i dag, og som ungdommen no møter på sine festar, har heilt andre forbilde og slektskapar. Dei yngste som voks opp med fele og trekkspel som instrumentering til ungdomsmusikken sin, er no i 60-åra. Dei sprekaste av desse vil stadig danse til sin musikk og danse sin dans, som er ei blanding av gammaldans, sving og andre rytmar som var populære på 40- og 50-talet. Denne musikken finst ikkje blant «vanlege» folk no lenger. Han er bortvist til reservat i alle massemedium på same måte som den eldre folkemusikken og dansen. Om ein ikkje oppsøker dette bevisst sjølv, er slik musikk og slik dans usynleg. Kanskje har dansebanda komme og tatt ein del av denne marknaden.

Vi veit alle korleis «vanleg» musikk høyrest ut i dag, og med den musikken følgjer det andre dansar enn gammaldans. Sidan «vanlege» folk ikkje har noko forhold til gammaldansmusikken, har dei heller ikkje noko forhold til det å røre seg til denne musikken. Dermed blir dansefestane færre, og marknaden mindre. Dei som speler denne musikken, har ingen grunn til å spele vidare, og det blir enda mindre av musikken. Vi kjem inn i ein negativ spiral.

Vi har no komme i ein situasjon der også denne delen av musikken og dansen må vernast på ein annan måte enn før. Mens «den nye pedagogikken» på slutten av 70-talet og framover tok utgangspunkt i rørsleane frå gammaldansen, har ein mista denne inngangen til resten av danserepertoaret når det gjeld den oppveksande generasjonen no og vidare framover.

Det vil ta lang tid før gammaldanskulturen er heilt borte, men utan vern går det raskare. Den norske staten har eit ansvar for å sette i gang vernetiltak. Korfor og på kva måte vil vi komme tilbake til i kapittel 3 og 4.

1.4.4 Utveksling av instruktørar og dansarar til USA

Det er sagt at det bur like mange av norsk avstamming i USA som det er innbyggjarar i Noreg. På same måte som mange innflyttarmiljø her til lands vil halde på sin eigen kultur, og lagar egne miljø bygd på kulturtrekk frå heimlandet, er også mange av norsk avstamming i USA interesserte i dette. Det er mange både spelemannslag, dansegrupper og leikarringar over store delar av USA. Det finst miljø både på aust- og vestkysten, i Midtvesten og i sørstatane. Mange av desse miljøa driv for seg sjølve, men mange er også interesserte i å få over instruktørar frå Noreg både innanfor dans og spel. Kvart år er det over fleire instruktørar til ulike stader og «camps». Ifølgje samtale med Mikkel Thompson i 2009 er det over 2000 som dansar nordisk folkedans i Seattle kvar veke. Dette talet er like høgt som medlemstalet i bygdelaga i Oslo.

Mange av dansarane er etter kvart rekruttert gjennom internasjonale folkedansklubbar eller andre stader frå – og har ikkje slektskapstilknytning til Noreg.

Det er altså ein stor marknad «over there», og mange er interesserte i stadig kontakt.

1.4.5 Andre dansetrendar

Mye har også skjedd utanfor folkedansområdet når det gjeld sosial dans generelt utover 2000-talet: Talentkonkurransar på TV som «So you think you can dance» og «Skal vi danse» har gjort det å sjå på ulike former for dans meir populært for eit breiare publikum. Seniordans er også eit fenomen som har vakse sterkt dette siste tiåret, og rapporterte i 2011 inn over 20 000 studietimar med vel 10 000 dansarar. Dette er eit tysk forretningskonsept med ferdig musikk og forslag til undervisning. På same vis som «Kom og Dans» på 80- og 90-talet gjorde sving populært landet over, har seniordansen breidd seg raskt utover landet som eit lågterskeltilbod til ei eldre gruppe.

Vi ser altså at ulike typar dans slår gjennom og fenger i alle aldersgrupper både som sosialt og scenisk fenomen.

Denne rapporten skulle sjå på måtar norsk folkedans kan få enda større oppslutnad, og da er det relevant å sjå på ein del megatrendar som gjer seg gjeldande i dag – og truleg vidare framover.

1.5 Nokre tal

Kva blir brukt av statlege pengar til folkedansen i dag?

Noregs Ungdomslag får no 900 000 kroner øyremerkte til folkedanssatsinga si. Dette er forholdsvis nytt. Posten kom på statsbudsjettet for første gong i 2004. I vaksenopplæringsmidlar frå NU via Studieforbundet kultur og tradisjon vart det i 2011 gitt tilskott til 264 dansetiltak på til saman 484 224 kroner, av ein samla pott på ca. 1,3 mill. kroner. I 2010 kanaliserte NU 1 450 000 kroner i frifondmidlar til medlemslaga. Det er uråd å seie kor mye av dette som går til dans, for NU fordeler ut sine frifondmidlar etter ein matematisk modell etter kor mange medlemmer under 26 år kvart lag har. Om ein føreset at det er om lag same fordeling av frifondpengar som av studiepengar, kan vi anta at ca. 500 000 kroner av frifondpengane til NU går til dans.

FolkOrg får 5 390 000 kroner i totalt driftstilskott. Dei deler ut 300 000 kroner i frifondmidlar. Dette går både til musikk og dans, og via Musikkens Studieforbund vart det i 2011 delt ut 122 300 kroner i vaksenopplæringsmidlar til 40 ulike tiltak innanfor dans.

KOMP gir 625 000 kroner til folkemusikkformål. Her er folkedanstiltak utelukka frå å søke, om ikkje folkedansen er ein heilt integrert del av musikk-satsinga. Ut frå tildelingane er det umuleg å sjå om det i det heile tatt går pengar til folkedansformål frå denne potten.

Kulturrådet gir 4 mill. kroner til folkemusikkfestivalane, men ingen ting av desse pengane er øyremerkte til folkedansen.

Innanfor pottar som scenekunst og koreografimidar har Kulturrådet også delt ut pengar til folkedansprosjekt. Dei siste åra har snittet vore eit par hundre tusen.

Innanfor ordninga med statleg stipend til eldre fortente kunstnarar har det også vore delt ut pengar til to folkedansarar i løpet av dei siste ti åra. Denne summen er på 20 000 kroner per person per år.

Tiltaksmidlane frå Rff er til saman på 2 069 000 kroner. Av dette går ca. 40–50 % til danseformål. Til dansestudia ved NTNU vart det totalt brukt 2 127 000 kroner i 2010, og 2 532 000 kroner i 2011. Bygda dansar bruker 1,1 mill. kroner per fylke per år, totalt 3,3 mill. kroner i året.

Senter for folkemusikk og folkedans fekk 7 935 000 kroner til eiga verksemd i 2011 av tilskotet frå Kulturdepartementet. Med andre tilskot og inntekter hadde senteret totalt inntekter på 9 490 000 kroner. Om lag 3,3 mill. kroner av dette blir brukt på Bygda dansar-prosjekta. Viss vi anslår at om lag 60 % av inntektene til sentret går til folkedansrelatert aktivitet, blir det om lag 6 mill. kroner for 2011.

Riksscenen får 21,8 mill. kroner i driftstilskott i 2011. Dette skal dekke husleige, teknisk utstyr, administrasjon og produksjon. Om vi reknar med at ein fjerdedel av dette går til folkedansen, så kjem det inn 5,5 mill. kroner her. Av dette kan ein rekne at ca. 875 000 kroner går til kostnader direkte knytt til frilansarar når det gjeld dans.

Frikar fekk i 2011 750 000 kroner frå Norsk kulturråd til satsinga si som ei fri dansegruppe.

Lista over inneheld dei viktigaste løyvingane til folkedans frå statleg hald i dag. I tillegg kjem ein del enkeltståande løyvingar til prosjekt eller ulike satsingar på meir prosjektorientert basis.



2 Megatrender

2.1 Innleiing

I 1982 lanserte forfattaren John Naisbitt omgrepet megatrender, og i boka si frå 2000, *Megatrends 2000*, tar han for seg ti megatrender han meiner prega 1990-talet. Med megatrend meiner Naisbitt «store sosiale, økonomiske, politiske og teknologiske endringar som skjer sakte, men sikkert» [mi omsetting], og som er verksame i minst ti år. Slike endringar og drivkrefter påverkar sjølvsagt både samfunn og liv. Her har vi tatt utgangspunkt i ein del av drivkreftene som blir skildra i denne boka. Dette er ikkje dei einaste drivkreftene som eksisterer, men drivkreftene som vi er innom her, er dei som vi valde i denne omgangen. Vi kunne også ha valt å omtale andre drivkrefter, men ein stad må vi sette strek, og dette kan også sjåast på som ei form for selskapsleik. Uttømmende vil eit slikt kapittel aldri bli, og diskutabelt vil det ein skriv i eit slikt kapittel, alltid vere.

Framtidsforskning og scenariobygging har etter kvart vorte ein profesjon. Der forsøker ein å sjå inn i framtida og teikne kart over kva ein kan vente seg av framtida, og eitt av verkemidla er slike megatrender eller drivkrefter. I eit slikt enkelt dokument som dette er, har vi ikkje ressursar til å køyre store scenariundersøkingar, men på ein litt overflatisk måte kan vi prøve å samanfatte noko av det framtidsforskarar meiner kjenneteiknar notida, og kanskje dei kommande tiåra. Med dette som grunnlag kan vi prøve å meine noko om kva tiltak som kan gagne folkedansen framover. Det som for oss framstår som relativt sikkert, er at ideologiane og megatrendane som var leiande på 20-, 30- og 70-talet, ikkje spelar så stor rolle i dag, og kanskje heller ikkje i nær framtid.

Den organiserte folkedansen voks fram i Noreg frå starten av 1900-talet, og vart svært populær frå 1920-talet og framover. Det verkar som dei leiande strategane som stod i bresjen for folkedansen på den tida, trefte noko sentralt i mange folks ideologi, tankar og draumar. Dette gjorde at folk hadde lyst til å danse folkedans, og følte at dei gjorde både noko artig og viktig ved å danse. Som Ingar Ranheim har påvist i si bok, var dei rådande ideologiane (som mange i dag vil kalle trendar) for leiarane i folkedansrørsla på den tida **nasjonalitet og disiplinering**, noko som passa som hand i hanske til dei rådande ideologiane i tida med **einheitleg tenking, bygging av landet og modernitet**. Det var ei lengting etter det opphavlege og ekte. Dette klarte folkedansen å svare på.

På 70-talet med EU-kamp, nasjonale straumdrag og den påfølgjande grøne bølga med vekt på **solidaritet, fellesskap og lokal kultur** fekk folkedansen ein ny boom, og aktiviteten i for eksempel Noregs Ungdomslag var svært høg på denne tida, med titusenvis av personar som ville danse. Folkedans vart igjen oppfatta som ein relevant aktivitet av mange. Mot slutten av 80-talet og på 90-talet snudde dette, men nedgangen har, som vi har sett tidlegare, stabilisert seg utover på 2000-talet.

Eit interessant poeng er det jo at den organiserte folkedansrørsla heile tida rekna seg som ein del av «motkulturen». Er det stadig slik? Og sjølv om det skulle vere slik, så ser vi at motkulturen for 100 år sidan trefte breie straumdrag i tida. Ein av suksessfaktorane for motkulturen var kanskje det at han tangerte inn på dei gjeldande straumdraga i tida i så stor grad at han kunne skyve og påverke dei?

No er det ikkje slik at folkedansen for kvar ein pris skal bli «marknadstilpassa», og heller ikkje skal folkedansen *endrast* for at vi skal få han til å passe betre i vår tid. Nokre unge folkedansarar gjer i dag opprør mot at mange stadig set folkedansen i samanheng med bunad og nynorsk. Opprøret er også artikulert mot det å kunne formasjonar i kanskje 30 dansar, i staden for å arbeide med rørslekvalitet og andre utfordringar i dansen. Kanskje er det andre ting og kvalitetar i dansen som kan og må leggast vekt på i dag enn på 20-, 30- og 70-talet for at folk av i dag skal legge merke til han og sette pris på han? Og kanskje må han settast inn i andre rammer.

Får ein først folkedansen til å angå fleire personar enn i dag, så vil folkedansen automatisk vere meir med på å prege samfunnet, livet og «tidsånd» i tida som kjem. Ein aktivitet eller eit fenomen vil alltid leve i ein dialog med si eiga samtid. Ei utfordring i dag for ein aktivitet som folkedans er at han som fenomen no står svært svakt i bevisstheita til storsamfunnet, sjølv om noko kanskje er i ferd med å skje ved Frikars gjennomslag. Om ein skal løfte vidare på grunnlag av deira arbeid – ei svale gjer ingen sommar – kan det vere nyttig å sjå nærare på aktivitetar og fenomen som pregar samfunnet i dag. Først ved å oppnå tangeringspunkt til desse fenomenen kan ein komme i dialog, og dermed få auka merksemd, innverknad og makt. Og som vi skal sjå i neste kapittel: Ved å underteikne UNESCO-konvensjonen for immateriell kulturarv har Noreg underskrive på at det å ta vare på og verne om den norske folkedansen er viktig i ein verdssamanheng.

Eksempel på megatrender som er verksame i dag, kan vere: sentralisering, shopping av aktivitet (i motsetnad til fast og planlagd aktivitet), endring av rollene til frivilligheit, profesjonalisering av kulturlivet, framveksten av individualitet (på kostnad av fellesskap, eller i tillegg til?) og ei jakt etter opplevingar og autentisitet. I dette kapitlet skal vi sjå nærare på nokre av desse fenomenen. I seinare kapittel vil vi prøve å sjå kva dette kan ha å seie for tiltak som kan gjerast for å fremme folkedansen framover.

Det er viktig å halde fram at det som blir skrivi i det vidare, nødvendigvis må bli generaliseringar og synsingar, og når vi skriv at menneske no reagerer slik og slik, er det ei forenkling for å få fram til dels spissformulerte poeng. Mange personar vil reagere annleis enn det vi beskriv her. Verda er ikkje slik som det blir beskrive i det vidare, men det er krefter som trekker i den beskrivne retninga, sjølv om desse kreftene sjølvsagt også møter motstand. Her tar vi heller ikkje stilling til om desse kreftene er gode eller dårlege, berre at dei er der. Likevel gir vi oss i kast med denne «selskapsleiken», for at folkedansrørsla kan ha eit felles utgangspunkt for å drøfte framtida i det vidare.

2.2 Sentralisering og urbanisering

Folkedansen som sjanger har opphav i ein bygdekultur, og vart brukt for å gi innhald til samvær både ved store festar og høgtider og elles ofte av ungdommen når dei hadde fri. No har folk fritid på ein annan måte enn før. Vi bestemmer i langt større grad over fritida vår, men samtidig lever fleire og fleire i tidsklemme.

Kva sjansar har så folkedansen når busetnadsmonstret endrar seg? Dei norske dansetradisjonane er prega av å ha oppstått i bygdesamfunn; enkelt sagt kan ein sjå på Noreg som ei stor bygd fram til berre for nokre tiår sidan. Med industrialiseringa begynte framveksten av byane for omkring 100 år sidan, og urbaniseringa har i Noreg, som i resten av den vestlege verda, skote fart frå og med den tid. Mekaniseringa i landbruket fører til at stadig færre blir sysselsett i den næringa, og arbeid held ikkje folk igjen på bygdene.

Arbeidssøking er i staden årsaka til at folk i større grad flyttar til byar og bynære område. Samtidig endrar også arbeidsforholda seg. Der dei fleste arbeidde fysisk for nokre tiår sidan, sit folk no meir i ro i arbeidssituasjonen, men mange kompenserer for dette gjennom trening på fritida.

Det er i tettbygde strøk at veksten i arbeidsplassar har komme dei siste tiåra. Sjølv om urbaniseringa tok til for 150 år sidan, viser statistikkane at urbaniseringa faktisk går stadig raskare – og i dag er større enn nokon gong tidlegare. I dag bur 80 % av folket i Noreg i tettbygde strøk. (Kjelde <http://www.ssb.no/befteft/>)

Det kan vere vanskeleg å gi *ein* grunn til at det er slik: Blir folk trekt til byar på grunn av arbeid, eller flyttar dei frå bygda på grunn av mangel på arbeid? Skjer flyttinga til byen på grunn av at folk ønskjer å vere meir saman og gå på kafé og bruke meir tid på å vere urbane og sosiale, eller fordi dei ikkje føler at dei har noko val? Kanskje er det ein kombinasjon av alt dette. Samtidig har avstandane vorte mindre, og sjølv dei som bur på bygda, orienterer seg i mye større grad enn før mot næraste by. Dei språklege dialektane blir

regionalisert, og den største samiske byen i landet er Oslo. Det er også i Oslo det største folkedansmiljøet i landet er. Danselaga i byane var i starten møtestader for bygdeungdom som brukte kulturtrekk frå si heimbygd som identitetsmarkørar for å føle seg heime. Da var dansen ein naturleg del av dette. No ser vi at også dansegruppene i byane begynner å få problem, og det er færre som møter opp på nybegynnarkurs enn før. Folk frå Trøndelag føler ikkje lenger behov for å uttrykke den trønderske identiteten sin ved å danse pols. Kanskje fordi det ikkje er ein del av identiteten deira før dei flyttar til byane heller? Dei som går i desse laga i dag, har stort sett bakgrunn frå byen, og er interesserte i dansen. Utviklinga i leikarringen Symra kan illustrere dette: Ved starten i 1960 var 94 % av alle medlemmene frå Møre og Romsdal – og denne prosentdelen går jamt og trutt ned til han er på 14 % i 2010. (Bakken, 2011: *Symra 50 år 1960–2010*, s. 276)

Institusjonsbygginga skjer i byane: Den nye Riksscenen ligg på Grünerløkka. Norsk Senter for folkemusikk og folkedans er knytt til NTNU i Trondheim, og Arne Bjørndals samlingar ligg i Bergen. No er det også tilløp til institusjonsbygging i folkemusikk- og folkedansmiljøet utanfor dei store byane: Ole Bull akademiet ligg på Voss, og folkekunstudanninga til Høgskolen i Telemark ligg i Rauland i Telemark. Likevel er det ikkje til å komme bort frå at når tre av fem folkemusikkinstitusjonar ligg i storbyar (når vi reknar med Noregs musikkhøgskole i Oslo, blir det fire av seks), blir det også det folkemusikalske og folkedansrelaterte landskapet prega av urbanisering.

Ei motvekt her kan vi sjå i at det største vellykka folkedansprosjektet i landet i nyare tid heiter Bygda dansar, og i at Frikar no etablerer seg i Valdres. Dette går altså på tvers av den store drivkrafta urbanisering. Også når det gjeld folkemusikkfestivalane, kan vi sjå at dei ligg utanfor dei store byane, og her er regelen utan unntak. Når dette er sagt, må det også tilføyast at alle folkemusikkfestivalar i landet, bortsett frå den med knutepunktstatus – Førdefestivalen, er mye mindre enn dei største jazz- og rockefestivalane her til lands. Og enda manglar vi ein stor folkedansfestival som ligg på ein plass. Landskappleiken, Landsfestivalen for gammaldansmusikk og Folkedansfestivalen vandrar alle frå stad til stad. Da redaktøren av bladet *Folkemusikk* i juli 2011 tok til orde for å legge Landskappleiken til Oslo, fekk han meir motstand enn heiarop. Det er greitt nok at eit arrangement som Landskappleiken truleg ville drukne i Oslo, og ikkje ville klare å sette preg på byen, slik som han gjer på mindre plassar. Likevel – når vi lever i ei tid der urbaniseringa er så sterk, må vi vere merksame på at det er noko med store byar som tiltrekker folk. Om folkedansen er usynleg her, blir han det fort også i heile landet. Riksscenen har enno ikkje fått økonomiske musklar til eigenproduksjonar frå staten, og har derfor ikkje klart å prege bybildet og trekke til seg trendsettarar utanom kjernemiljøet. Riksscenen har heller ikkje midlar nok til å sette dagsorden for saka ved å skape god kunst, slik Det Norske Teatret klarer med jamne mellomrom når det gjeld nynorsken. Kanskje treng vi eit prosjekt som *Byen dansar* i tillegg til Bygda dansar?

For å utnytte denne drivkrafta må folkedansen sjå på om vi kan presentere nye arenaer og ny innpakning. Kanskje kan forslaget i siste kapittel, om nye rammer rundt dansen, vere eit slikt tiltak?

Ei drivkraft som tilsynelatande kan sjå ut til å stå i motsetnad til auka urbanisering, er trongen til å vere spesiell. Vi skal sjå nærare på kva individualisering har å seie for folkedansen.

2.3 Individualisering

Vi bestemmer sjølve kva vi har lyst til, kva vi har bruk for, kor og når ...

«Because I'm worth it →» er mantraet i reklamen, og reklamen bruker dette som trylleformular, fordi folk tenker slik i større og større grad. I Noreg er ein i dag i den stillinga at dei fleste kan kjøpe seg det dei har lyst til, og mange gjer nettopp det. Kundane vil vere medskaparar – og sette sitt eige preg på varer og tenester. Kundane blir meir kravstore, og skal ha spesialtilpassa varer. Den nye forretningsforståinga bedrifter har når det gjeld forholdet til kundar, er at det gjeld å halde kundane «informert & involvert».

Bilprodusentane konkurrerer no på sikkerheit, oppleving og miljø, i mindre grad på transportbehov. Det er nesten slik at bilen som framkomstmiddel blir mindre viktig som konkurransefortrinn, for akkurat det fiksar alle bilprodusentar.

Dette betyr at marknaden endrar seg. Alle produkt må no ha verdier som kjem i tillegg til primærverdien. Dette kan opne nye mulegheiter for folkedansen, for med betre økonomi og spesialtilpassing kjem også ønsket om å ha eller oppleve det ekte – folk av i dag er på jakt etter autentisitet og det spesielle. For norsk folkedans må unekteleg seiast å vere noko spesielt. I ei verd med snart 7 mrd. menneske er det spesielt å utøve ein aktivitet frå eit område med berre 5 millionar innbyggjarar. Utfordringa her er berre at på heimebane er ikkje norsk folkedans i ein minoritetssituasjon i utgangspunktet – og kan heller ikkje vere det, om ein skal kunne forsvare forstavinga «folk». Likevel ligg det ein sjanse her. Om ein vil skilje seg ut i ei stadig meir globalisert verd, bør ein kunne noko om den heimlege kulturen og bakgrunnen om ein skal møte andre og vere interessant. Eller er det slik at ein må konsentrere seg om og innsjå at folkedans berre skal vere ein nisjeaktivitet for dei få framover? Er tida for masseengasjement i norsk folkedans over?

Forstavinga folk-, som i folkemusikk, folkedans, folkedrakter og folkedikting, var opphavleg eit progressivt og faktisk revolusjonært uttrykk – det var «folk» som burde ha makta, og folket som måtte ta makta. Tyskaren Johann Gottfried von Herder (1744–1803), som tok i bruk dette uttrykket, måtte flykte frå Tyskland til England fordi han meinte at makta skulle ligge hos folket. Han meinte at det var folket som skulle legitimere fyrsten, og ikkje at fyrsten skulle få makta si frå Gud, slik det gjerne vart framstilt. For å definere eit folk var ein dermed nøydd til å sjå kva som batt ulike kulturar saman. Derfor fekk «folkekulturen» slik sprengkraft i seg. No har derimot denne forstavinga gått over til å ha ei historisk og nærast museal meaning. Frå å beskrive noko progressivt har forstavinga i vanleg daglegtale gått over til å beskrive noko konservativt.

Frå å vere ein viktig aktivitet for mange, ein aktivitet som vekke diskusjon og strid, er han no ufarleg, og dermed er ikkje vegen lang til at han blir uviktig og uinteressant. Alle vel bort uinteressante og uviktige ting. Det er nok av anna å bruke tid på.

Frå 20-talet og framover var det kollektivet og ei disiplinering og tilpassing som var dei rådande megatrendane, og da passa «folk» bra som forstaving. No er det individualisering. Folkedansen er i ferd med å endre seg her, og legg no meir vekt på improvisasjon og individuell utfolding i dansen. Det viser mellom anna intervju som er gjort med fem leiande folkedanspedagogar i Margunn Breiholt sin forskingsrapport: *Pedagogikk på dansegolvet tradisjon, mål og visjoner i den nye folkedansopplæringen*. På side 28 skriv ho likevel:

Pedagogenes ideologiske mål med undervisningen synes forankret i den overleverte tradisjonen, det er for alle et mål at danseren skal lære å danse “godt, solid og tradisjonelt», samtidig som det skal være moro og meningsfullt, man skal danse for å danse, og f.eks. ikke for å vinne. De fleste setter herming og mengdetrening først, spesiell blir man etter hvert, når man har tatt andres dans opp i seg og gjort det til sitt eget – «fått nok kilometer i skoene», mens én er opptatt av å fremme det personlige uttrykket fra starten av.

Kirsten Bråten Berg uttalte seg om kveding som folkekultur til Adresseavisen 15. november 2010 i samband med at ho hadde masterclass i kveding på Hilmarfestivalen. «Det gamle ordtaket gjelder: ‘Først ape, så skape’.»

Det inntrykket «folk flest» sit med når dei tenker på folkedans, er truleg disiplinering i fellesskap – og lik dans mellom mange. Noko som vart gjort «før i tida». Om ein vil vere individuell, bruker ein dermed ikkje tid på denne aktiviteten. Mange leikarringar og dansegrupper opptreir stadig som ei eining, og kjem aldri fram til improvisasjonsstadiet, så det er ikkje vanskeleg å få stadfesta fordommane sine heller. Mange har

nok også hatt ei oppfatning av den immaterielle kulturarven som noko som kan fikserast i ei form i ei bestemt tid, dette kanskje på grunn av få kjelder – og ein situasjon der éin instruktør eller eitt par lærer opp mange. Da dette var levande kulturuttrykk, var det mange som kunne dansen og lærte han bort til dei som «elevar».

Å få forståing for at det ligg ein stor grad av improvisasjon i all folkedans for den som kan det, har vore vanskeleg både å få forståing og gehør for. Kanskje må ein finne metodar for å vise dette på ein annan måte enn ein har klart hittil. Det er likevel klart at den danseforma som ikkje har vorte ramma like klart av nedgang som dei andre innanfor norsk folkedans, er bygdedansen. Ein hypotese kan vere at det er fordi det også er den danseforma som er opnast for improvisasjon i utgangspunktet.

Sidan det no er så få som dansar folkedans, og sidan marknaden dermed ikkje er til stades for å velje folkedansinstruksjon som yrke unntatt for dei få eksepsjonelle tilfella, kan det også ta lang tid før noko kan gjerast med dette, om ikkje ein får andre arbeidsforhold for danseinstruktørar. Sjølv sagt kan ein også snu ein slik argumentasjon på hovudet, og seie at marknaden ligg der og ventar på dei rette initiativa – om nokon klarer å satse på og vinne ved hjelp av det økonomane kallar «blue ocean»-strategien. Å gi betre arbeidsvilkår for dansarar og danseinstruktørar vil etter vår meining vere eit viktig, men ikkje tilstrekkeleg tiltak åleine for «å berge» folkedansen. Vi skal komme tilbake til dette i det siste kapitlet.

Ein megatrend som rullar no, er altså at vi har gått frå planlagt fellesskap til improvisasjon på impuls. Dette fører også til at vi får mykje «aktivitetsshopping».

2.4 Shopping av aktivitet (= ikkje-planlegging)

Mens øvingar kvar veke og store mål var gode grunnar til å danse for 50 år sidan, oppfattar mange det som ei tvangstrøye i dag. Å møte opp på frivillige øvingar utan å bli underhalden, å få direkte stimulans eller individuell vekst er for mange i dag uaktuelt. Det sosiale vil sjølv sagt alltid spele ei rolle, men ein møter vennene sine på andre måtar i dag enn for berre ti år sidan. Avtaler lang tid i førevegen har vorte avløyst av konstant kontakt via nye sosiale medium, og ein held gjerne kontakt med dei beste vennene sine frå ein vaknar til ein legg seg om kvelden – og gjerne om natta med. Få unge personar slår av mobiltelefonen om dei legg seg til å sove. Kjem det ei melding midt på natta, svarer ein.

Å planlegge kva ein skal gjere (om det ikkje er å gå på arbeid eller skole, som ein stort sett må for å vere ein del av samfunnet) er mindre og mindre vanleg. Sjølv TV-program til faste tider er i ferd med å forsvinne, og vi shopper i staden TV-seriane på boks, eller bestiller dei via Internett. Om ein planlegg å sjå på TV, er det stort sett store idrettsarrangement som må opplevast direkte, og sidan dette skjer direkte, er også kjensla av å oppleve spenning og usikkerheit saman med mange andre til stades. Slikt er vanskeleg for vande aktivitetar som kor, korps og folkedans i leikarringar å konkurrere med. Vi ser at medlemstalet og personar som deltar både i kor og korps, også har gått ned dei siste åra. Likevel ser vi ein del grupper som klarer å halde motivasjon og aktivitet oppe. Dette kjem gjerne av at dei har mål i tillegg til det å møtast og lære å danse. Det kan vere å øve til ei stor framsyning som ein veit mange skal sjå på, ein felles tur eller andre spektakulære og spennande mål.

Likevel er ikkje spennande mål nok, øvingane må truleg også vere godt førebudd og profesjonelt leidd. Vi er i dag vant med å bli fortalt spennande historier på ein og ein halv time eller tre kvarter med små avbrot undervegs. TV-en vår lastar kvar kveld inn den ypparste underhaldning som forskarar har funne ut vi vil ha, kombinert med reklameavbrot med salsbodskapar (som også er understøtta av forskning for å finne ut korleis avsendarane skal freiste oss som forbrukarar). Det er dermed ikkje nok å kunne lære bort faget godt, ein må også vite noko om disponering og oppbygging av ei oppleving ein heil kveld. Utdanning av instruktørar må dermed ta omsyn til dette. Vi må ha fleksible tilbod – profesjonelt drivne og organisert. Vi

lever altså i ein del av verda der dei aller, aller fleste får dei grunnleggande behova sine dekt. Da leiter vi etter opplevingar for ikkje å kjede oss, og dette blir stadig viktigare.

Som alle megatrendane som er skildra i dette kapitlet, er ikkje dette ein eintydig trend. Vi har i kapittel 1 sett at medlemstalet i både NU og FolkOrg er stabilt, sjølv om talet på dansarar på faste øvingar går ned. Talet på deltakarar på Landskappleiken er stabilt. Festivalsektoren veks. Fleire folk kjem til. Eit anna relevant døme kan nemnast: Etter utspelet frå Utdanningsdirektoratet om nedtoning av sidemålet opplever Noregs Mållag no ei massiv innmelding av menneske i alle aldrar og frå alle kantar av landet. Grasrottrøsla (om vi kan kalle ho det) lever, men på ein litt annan måte enn tidlegare. Vi ser at mange i dag shopper dansetradisjonar frå heile verda, til dømes tango, salsa, swing og afrikansk dans, og vi ser også at folk shopper bygdedanstradisjonar frå ulike stader i landet – jf. avsnitt 2.3. Eit dansenært fenomen som har hatt stort oppsving dei siste åra, er aerobicforma zumba, som er ein dans laga for formålet som blir undervist på treningsstudio. Eit vellykka treningsstudio er oppe når det passar publikum, du kan gå dit åleine og trene. Salet av fitnessvideoar med zumba har eksplodert.

2.5 Oppleving

Vi lever i ei verd der underhaldning og oppleving aldri er langt unna. Vi får dei beste underhaldarane i verda inn i stua kvar kveld, og vi kan gå og sjå verdsstjerner på kino – snart samtidig som filmene har premiere i Hollywood. Alle kinosalane i Noreg er snart ferdig digitalisert, og dette opnar også for direkte overføringar. Fleire kinoar har begynt å overføre for eksempel operaframvisningar frå Metropolitan og La Scala direkte. Nisjepublikummet finn sine tilbod. Vi får ein global landsby. Vi blir knytt saman over tid og rom etter interesser, og samtidig som dette skjer, stig også forventningane om at det vi blir tilbodne, skal ha kvalitet.

Ein person som lærer bort flugebinding på dugnad i det vesle lokalsamfunnet, mistar oppslutning fordi folk før kom for å treffast like mye som for å binde fluer. No kan dei treffast mens dei får tapas og dei ser verdspremieren på Aida med Jussi Bjørling klipt inn i ei av hovudrollene.

Så viktig har opplevinga vorte at forskarane har begynt å snakke om at vi nærmar oss ein opplevingsøkonomi, sjå avsnitt 3.9. Her skal vi no førebels berre slå fast at om norsk folkedans skal vere konkurransedyktig i ein slik marknad, må miljøa som formidlar norsk folkedans, forstå og ta i bruk verkemiddel som forsterkar opplevingane til dei som kjem og skal vere med. Set du deg ned og ser på ein film (og ein kjøpefilm med dei største stjernene kostar i dag under 100 kroner – mindre enn det kostar å gå på SATS og 3T) må instruktørane ikkje berre kunne og forstå folkedansen, men også dramaturgi når det gjeld oppbygging av kveldane og aktiviteten. Samtidig må dei vere klar over at om målet er «trim deg glad, gå på folkedans», som slagordet lydde på 70-talet, så har triminstruktørane sidan 70-talet vorte profesjonelle, og har no gjort dette til eit levebrød. Omsetningane til treningsstudioa (der ein ikkje eingong treng å engasjere seg demokratisk og dermed må sitje i styret, eller treng å selje lodd, men berre kan shoppe opplevinga) veks til nye høgder. Elexia omsette åleine for 454 millionar kroner i 2009 (E24.no). På 70-talet begynte dei første treningsstudioa å komme, og enno følte altså folkedansrøsla at ho kunne konkurrere om folket med heidersordet «trim».

Treningssentra har profesjonelle instruktørar og spesialtilpassa treningsrom med høgmoderne arkitektur som dei har råd til å endre om han blir umoderne. Det einaste som har skjedd med dansesalane sidan 70-talet, er at vi har fått Riksscenen i Oslo. Men igjen: Ei svale gjer ingen sommar.

For at folkedansen skal kunne konkurrere på opplevingsmarknaden av i dag, må det dermed skje ei radikal endring. Men det er muleg, for vi lever i ei tid da fleire og fleire forstår at dei ikkje kan sitte i ro heile dagen, men treng å røre seg. Det adekvate, gode nok tilbodet når det gjeld folkedans, er der berre ikkje.

2.6 Frivillig arbeid finn nye former

Sjølv om det er meir utfordrande å få folk til å prioritere å møte på vanlege vekeøvingar no enn før, poengterer frivilligforskarar at det ikkje er færre no enn før som deltar i frivillig aktivitet, aktiviteten har berre endra karakter. Eit eksempel som kan illustrere dette, er at dei siste ti åra har vore pluss/minus femti medlemmer i BUL Steinkjer. Desse femti medlemmene skal halde liv i og delta på øvingar i spelemannslaget, leikarringen (Inntrønderringen), Feiarn (som er eit lag for dei som dansa i Inntrønderringen før) og barnelaget. Det seier seg sjølv at det ikkje kan vere så veldig mange personar som er aktive i kvart lag.

Dei siste fem åra har så Hilmarfestivalen vakse fram i Steinkjer, og på mange måtar vakse ut av BUL Steinkjer, som er ein av stiftarane (og kanskje den mest sentrale) av festivalen til eigarorganisasjonen Stiftinga Hilmar Alexandersen. Hilmarfestivalen har 60 arrangement på fire dagar, og har ca. 150 frivillige. Her gjer medlemmene i BUL Steinkjer ein stor frivillig jobb, men dei er langt frå åleine om å gjere det.

Det verkar altså som om det er enklare å få folk til å arbeide frivillig med korte, høgt profilerte tiltak enn med dei jamne øvingane. Omsetninga for Hilmarfestivalen er no ca. åtte gonger så stor som omsetninga til BUL. Hilmarfestivalen har to heiltidstilsette som kan administrere og legge til rette for den frivillige innsatsen. Mye av omsetninga kjem frå offentlege tilskot og sponsorar. Dette er inntekter som BUL Steinkjer så å seie ikkje har tilgang på i dag, om dei har basis i den tradisjonelle aktiviteten med øvingar kvar veke i kvart av laga. Det offentlege er dermed indirekte er med på å stimulere til ei endring i organiseringa av frivillig aktivitet. Om ein skal få utvikla den djupe læringa som UNESCO-konvensjonen (sjå neste kapittel) slår fast at norsk folkedans treng, bør ein sjå på støtteordningar som kan hjelpe til med å drive langsiktig aktivitet, og ikkje berre støtte den frivilligheita som har vind i segla på grunn av samfunnstrendar.

Akkurat som BUL Steinkjer har ikkje Stiftinga Hilmar Alexandersen som mål å tene pengar, men har som mål å arbeide for tradisjonsmusikk og -dans. Dessutan har stiftinga som mål å arbeide for profesjonalisering av sektoren. Dette var eit val som vart gjort da stiftinga og Hilmarfestivalen starta opp. Målet var ikkje å halde i gang øvingar for amatørar over ei lengre tid, men å spisse arbeidet opp mot det profesjonelle.

Dette kan ein seiast å ha lykkast godt med så langt, men dei som var med og skipa stiftinga i 2005, hadde vel også sett for seg at BUL Steinkjer skulle tene på oppbygginga av Hilmarfestivalen og aktivitetane rundt festivalen. Det er jo ei velkjend forståinga at topp og breidd – profesjonalitet og frivilligheit – er gjensidig avhengige av kvarandre for å kunne føre denne aktiviteten vidare, og at dei derfor må styrke kvarandre. Det har så langt ikkje skjedd, men ein er heilt i startgropa på tenking rundt ulike former for samarbeid. Likevel ser ein at sjølv om målet heilt frå starten også var å styrke det frivillige arbeidet med folkemusikk og folkedans i Steinkjer, er dette eit mål ein så langt kan seie har vore mislykka for Stiftinga Hilmar Alexandersen.


Sjølv om fleire er frivillige i Hilmarfestivalen enn i BUL Steinkjer, og festivalen kvart år har dansekurs for over 500 barn og unge og store dansefestar med 500–600 deltakarar, er ikkje dette ei full erstatning for aktiviteten med faste øvingar over lengre tid når det gjeld å ta vare på dansen i eit samfunn slik at mange kan dei tradisjonelle dansane frå staden godt med djup læring. Å lære seg ein kroppsleg aktivitet godt tar lang tid. Her har ein eit godt stykke å gå for å finne nøklar som kan løyse denne utfordringa. Meir om dette i kapittel fire, der det kjem forslag til tiltak.

2.7 Utdanningsrevolusjonen og kunnskapssamfunnet

Vi har over vore inne på at kompetansekrava veks både til dei som skal instruere i folkedans, og dei som skal organisere frivilligheit. Dette er likt for alle delar av samfunnet. Vi lever i eit tid da omtrent alle kan ta

utdanning, og omtrent alle gjer det også. Utdanningsnivået, og forhåpentlegvis også kompetansen, stig i befolkninga frå år til år.

Under følger ei oversikt over utdanningsnivået i Noreg henta frå Statistisk Sentralbyrå. Her ser vi for eksempel den øvste linja, som viser veksten i utdanningsnivå på korte studium (tre år og under) på universitet og høgsckolar for personar mellom 50 og 59 år frå 1970 til 2009. Utdanningsrevolusjonen gjeld, som vi ser, alle aldersgrupper, og er ikkje avgrensa til denne studielengda.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Som vi har vore inne på, treng no dei som arbeider med folkemusikk og folkedans, å kunne formidle opplevingar, kreativitet og sjølvbestemming med ein aktivitet der ein må innom ei lengre disiplinering av kroppen for å få rørsler til å kjennast naturlege, før ein kan sleppe seg laus igjen for å få eit resultat som ligg nær dei tradisjonelle forbilda og bygger på tradisjon.

Takka vere den store innsatsen til Rff har vi no utdanningar innanfor faget på plass på universitetsnivå, men vi manglar stadig mye i tidlegare utdanningssteg slik at vi kan få fleire søkarar med gode føresetnader. Det er viktig for at dei skal kunne ta faget vidare, både når det gjeld utøving, pedagogikk, forskning og administrasjon. Det er heilt essensielt at folkedansen kan følgje med som fag i det nye kunnskapssamfunnet for at folkedansen skal kunne vernast og vidareutviklast.

Da er det også viktig at det finst eit system for å ta imot dei som er nyutdanna, slik at dei verkeleg kan få arbeide med folkedansen i ein profesjonell setting. Det er viktig å skape arbeidsplassar for nyutdanna folkedansarar både i det offentlege og i det private. Ei utfordring kan kanskje vere å få folk som tar utdanning og som har interesse og er gode utøvarar og pedagogar, til å velje dette som fagarbeid. For å få til det må vi ha fleire ting på plass, men viktigast blir nok: økonomi (lønn og pensjonsordningar), sjansen til å leve eit vanleg familieliv, til å vere ein del av eit fagmiljø der du er, og sjansen til å halde fram med å utvikle seg i arbeidet år etter år.

2.8 Opplevingsøkonomien

Dette hovudkapitlet handlar altså om megatrender, og i den danske utgreiinga *Opplevingsøkonomi i Hovedstadsregionen* (HUR 2005) blir opplevingsøkonomi klassifisert som ein *megatrend på eit globalt nivå*. Dei viser til at «... opplevelser er en gjennomgripende global tendens, som inngår på tvers av bransjer, og ikke er knyttet til produksjonen av ett bestemt produkt eller en særlig serviceytelse». Drivkreftene i denne trenden er, som vi også så vidt har vore inne på over, individet sitt behov for å skape sin eigen identitet og forme personlegdommen sin i eit tilvære prega av auka fridom og god økonomi. Opplevingar blir sentrale for dei historiene som ein fortel om livet sitt, og som er viktige for sjølvoppfatninga. Derfor er folk villige til å betale mye for opplevingar, og denne betalingsviljen veks. (HUR 2005 s. 9)

Professor ved Copenhagen Business School Trine Bille definerer **opplevingsøkonomien** slik:

Markedsværdien af oplevelser eller kommercialisering af oplevelser – enten i form af «rene» oplevelsesprodukter eller – serviceydelser eller af blandingsprodukter, hvori oplevelseselementer kobles til funktionalitet eller andet produktindhold. (Bille og Lorenzen, 2008)

Dans, både sosial og scenisk, er i seg sjølv eit reint «oplevelsesprodukt», som Bille skriv over, men riktig interessant for trenden og oss blir det kanskje først når ein knyter det andre vilkåret i sitatet over til opplevingsøkonomien: «... serviceydelser eller af blandingsprodukter, hvori oplevelseselementer kobles til funktionalitet eller andet produktindhold.» Ei av dei klassiske bøkene når det gjeld forskning på opplevingsøkonomi, er boka *The experience economy. Work is theatre and every business a stage* av amerikanarane Pine og Gilmore frå 1999. Her viser dei korleis prisen på kaffi blir fastsett, og korleis «oppleving» gjer at kundar er villige til å betale ekstra for ein tilleggsverdi. Dei listar opp:

Når kaffien blir hausta, får bonden som haustar kaffibønnene, 1–2 cent per kopp kaffi. Når du kjøper kaffien i butikken, betaler kunden mange gonger så mye: 5–25 cent. Dette meiner Pine og Gilmore er for tilleggsverdien av å få kaffien godt innpakka og tilgjengeleg der kunden er. Om du kjøper kaffien på ein kafé, betaler kunden frå 75 cent til 1,5 dollar. Dette fordi du har fått service som å få kaffien kokt og servert. Da Starbucks-kaffikjeda starta i Seattle i USA, sette dei sofaer inn i kaffibarane sine, og serverte mange ulike typar kaffi, noko som var heilt nytt. I starten tok dei ifølgje Pine og Gilmore mellom 2 og 5 dollar for ein kopp kaffi, og logoen deira vart fort kjend rundt omkring i heile den vestlege verda, der kaffibarane etter kvart begynte å vekse opp i stort tempo. Grunnen til at Starbucks og etter kvart andre kaffibarar og kaffibar-kjeder no kunne ta enda meir betaling frå kunden enn den vanlege coop-kafeen på daglegvaren eller restauranten som hadde kaffi som ekstratilbod etter middagen, var at dei klarte å skape ein tilleggsverdi rundt det å kjøpe kaffi. Denne tilleggsverdien kunne vere opplevinga av å vere ung og hipp i eit ungt og hipt lokale, eller at du tok med deg kaffien med logoen på i ein varm kopp på tur til arbeid.

Tanken er altså at du føyer til ein ekstra opplevd kvalitet ved kvart enkelt trinn i verdikjeda, noko som også gjer at verdien veks, og dermed betalingsviljen til dei som vil kjøpe produktet. For at folkedansen skal nå nye grupper av personar, er det viktig å sjå mulegheiter i innpakking og presentasjon av sjølve «produktet folkedans», i tillegg til å arbeide med kvaliteten i dansen heile tida.

No skal det seiast at bransjane i opplevingsøkonomien stadig er relativt små både når det gjeld arbeidsplassar og omsetning. Berre reiselivet kan kallast ein stor bransje i opplevingsøkonomien. Derimot har mange bransjar høg vekst – høgare enn gjennomsnittet i økonomien.

I 2011 fekk Nærings- og handelsdepartementet analysebyrået Menon til å lage rapporten «Kulturnæringenes betydning for norsk økonomi». Her slår dei fast at lønnsmda i opplevingsbransjen no er fallande, men samtidig går sysselsettinga oppover. Det som førebels er typisk for opplevingsbransjen, er at selskapa er små, det er mange einpersonsføretak i bransjen, og det er desse som driv veksten – slår Menon fast. At lønnsmda har minka i det siste, er opplevingsbransjen derimot ikkje åleine om. I perioden som har gått med finanskrisa, ser vi at mange bransjar har minka både i omsetning, lønnsemd og sysselsetting. Derfor er det interessant å merke seg at sysselsettinga går opp hos kulturnæringane, og at veksten i sysselsetting ikkje har minka omsetninga i bransjen, berre gjort at lønnsmda ikkje har vakse like mye som sysselsettinga. Her er nokre norske tal frå rapporten til Menon:

Verdiskaping i kulturnæringane:

2000	23,9 mrd. kr
2003	27,8 mrd. kr
2006	34,7 mrd. kr
2009	42,8 mrd. kr

Tal på tilsette i kulturnæringane:

2000	49 717
2003	55 550
2006	64 346
2009	74 408

Med i kulturnæringane reknar dei da: trykte medium, kunstnarisk verksemd, film, foto og spel, TV og radio, arkitektur, annonse og reklame, design, musikk og kulturarv. I musikk var det i 2009 2 544 sysselsette og 1 342 selskap med ei total verdiskaping på 1 800 091 000 kroner. I kategorien kulturarv vart det 2 910 sysselsette i 514 selskap med ei total verdiskaping på 1 217 477 000 kroner. (Kommunale tenester som bibliotek og kulturskole er ikkje med i rapporten.)

Ifølgje Rasmus Wüinstedt Tscherning, direktør for Center for kultur og opplevelsesøkonomi (CKO), som er underlagt næringsdepartementet og kulturdepartementet i Danmark, har den globale eksporten av kreative produkt og tenesytingar ein årleg vekst på 15 prosent frå 2002 til 2008. Det vil seie at denne bransjen veks raskast globalt (Dagens Næringsliv 14. september 2011, papirutgåva).

Dette skapar sjansar for dansen i ein marknad, men ikkje utan vidare: Om ein ser på råvarene i opplevingsbransjen, så er vel tradisjonskulturen som råmateriale det som du ikkje får andre stader enn i kvart enkelt område. For å bruke bildet Gilmore og Pine bruker når dei beskriv verdiskapinga rundt vara kaffi: Om «råvara» telespringar skal haustast av nokre som får 1–2 cent per hausting, for deretter å bli pakka og seld på supermarknaden som massevare, blir lite av verdiskapinga igjen i Telemark.

Kva kan så folkedansen som bransje gjere med dette? Noregs utanriksminister Jonas Gahr Støre vil at Norden skal få ein representant i gruppa for G20 -landa. Dette på grunn av at Noreg er den 23. største økonomien i verda, og Norden til saman er 9. eller 10. størst. Som vi har sett, lever vi i ei tid da opplevingsøkonomien blir viktigare og viktigare i Noreg, men dette gjeld ikkje berre vårt land, det gjeld heile verda, men kanskje først og fremst i dei utvikla delane av verda.

I dette ligg det ein unik sjanse for folkemusikken og folkedansen i Noreg og Norden til å konkurrere på ein annan måte enn på 80- og 90-talet. Fleire har spådd at den neste store suksessen etter riverdance-bølga, som fløyndde over verda og samtidig tok med seg irsk folkemusikk i ein topp, kan bli nordisk og norsk folkemusikk og folkedans på verdsbasis. Dette har vore spådd lenge, men det har ikkje skjedd enno.

Det er likevel ikkje for seint. Vi såg også at riverdance-bølga gjekk over etter fem–seks år, og om vi vil at nordisk folkemusikk og folkedans skal kunne bli ein langvarig global suksess, må det arbeidast planmessig for dette på mange nivå – over mange år. Om ein skulle lykkast med ein slik stor visjon, må ein ha mange partar med seg, både det offentlege, det frivillige og det kommersielle, og dette kan likevel berre skje ved å bygge breidd og topp samtidig.

At det kan ligge mye økonomi i å klare å komme i ein posisjon som vekker stor merksemd hos eit stort publikum, viser denne oversikta frå 2009 og 2010 når det gjeld ringverknader og verdiskaping rundt store konsertar i Göteborg i Sverige (Bille 8. november 2010):

- AC/DC: 35,5 millionar kroner
- Bruce Springsteen: 109,4 millionar kroner
- Tina Turner: 47,1 millionar kroner

Sjølvsagt er det avgrensa kor relevant eit slikt eksempel er, når forskning viser at 5 % av artistane tar 80 % av konsertinntektene på verdsbasis (Kruger, 2005).

Bruce Springsteen utmerkar seg blant desse artistane når det gjeld det å bruke folkemusikk. I 2006 gav han ut plata *We shall overcome – The Seeger session*, der han hentar inspirasjon og låtar frå folksongaren Pete Seeger. Denne plata hausta gode kritikkar rundt omkring i heile verda og selde også svært godt.

Hans Hinrich Thedens viser i artikkelen sin «Hva har Landskappleiken med Nashville å gjøre? – en sammenligning av historien til to populærmusikksjangre» (Thedens 2007) korleis folkemusikken i Noreg og Sør-Appalachane i USA, som hadde mange fellestrekk frå slutten av 1700-talet og inn på 1800-talet, møtte moderne inspirasjon på heilt ulike måtar. Han peiker på at dette var populærmusikk på si tid, og mens felemusikken i USA tok opp i seg nye trendar som begynte å komme utover på 1900-talet, reagerte folkemusikkmiljøet i Noreg med å lukke seg totalt for påverknad frå denne nye musikken. Thedens tek i artikkelen ikkje stilling til kva strategi som var best. Men han slår fast at mens den amerikanske folkemusikken som kom frå Europa med innvandrarane, i tillegg til den gamle stilen utvikla seg i ei kommersiell retning, og no kan finnast i mange sjangrar som hillbilly, country, americana, bluegras og roots, vart den tradisjonelle musikken etter kvart framand for dei fleste her til lands. Han slår tørt fast at på same tid som det vart kasta stein mot Eivind Grovens hus på grunn av folkemusikkhalvtimen, vart Hillbilly-musikarar hyra inn av forretningsmenn i USA for å spele i kommersielle radioprogram slik at folk skulle høyre på budskapet dei ville ha ut. Thedens avsluttar artikkelen er slik:

I Norge er folkemusikken fortsatt en subkultur, og om den økende profesjonaliseringen vil forandre på dette, står igjen å se. Når unge tradisjonsmusikere vil leve av å spille tradisjonsmusikk i dag, må de finne seg et større publikum, og det syns bare å være mulig ved å pakke musikken inn på nye måter eller forandre på den. Dette er ingen lett oppgave 200 år etter at spellemennene ga avkall på nettopp det å nå flere. Fordi den bevarte slåttemusikken og dagens populærmusikk ligger så langt fra hverandre, kan resultatet lett virke søkt og krampaktig.

Samtidig fins det i dag mye populær norsk sang. Visasangere gjør det svært bra på salgslistene, men deres sanger er basert på amerikanske modeller som blir krydret med noe som låter litt mer norsk eller kanskje generelt folkemusikkaktig. Trønderrock og trekkspillkøntri fins, men ingen genre som har kontinuerlig utviklet det gamle og brynet det mot både et kommersielt marked og mot landsbefolkningens krav om å holde det hele jordnært som den amerikanske countrymusikken har gjort.

Undertegnede er forresten ikke lei seg for at vi ikke har fått noen norsk Garth Brooks og heller selv mer mot det spesielle. Likevel tviler jeg sterkt på at den gamle norske musikken ville ha forsvunnet hvis man hadde brent færre broer.

Spørsmålet som slår meg, er: Når får vi høyre Åge Aleksandersen synge og spele Hilmar Alexandersen, og vil dette ha like stor kommersiell suksess verda over som Bruce Springsteen si plate med Pete Seeger fekk?

Samtidig skal vi sjølvsagt vere klare over at ikkje noko tre veks inn i himmelen. Vidare vekst innanfor opplevingsøkonomien er truleg avhengig av at vi stadig får vekst i inntekt og velferd, av den teknologiske utviklinga og stigande globalisering og internasjonalisering. Dette kan i så fall også skape ein større marknad for norsk folkedans servert på den «riktige» måten. Om inntekt og velferd stig, ser identitet og estetisering av kvardagslivet ut til å bli stadig viktigare for ei stadig aukande gruppe menneske.

Globalisering kan vere positivt for sjansen til å nå nye kundar med norsk folkedans. På den andre sida har vi også det som professor Trine Bille kallar «Den kulturelle diskonteringsfaktor», noko ho forklarar med at «forbrukerne vil foretrække kultur- og oplevelsesprodukter fra lande, der ligger 'tæt' på ens egen kultur» (foredrag for Cultiva 8. november 2010). Det vil seie at sjølv om folk i Kina og India skulle få betre råd, så er det ikkje sikkert at dei vil utgjere nokon marknad for den norske dansen. Da er det truleg lettare å finne ein marknad i nabolanda og i USA, der mange stadig er opptatt av sine norske røter.

I foredraget sitt for Cultiva i november 2010 var Trine Bille også inne på at det finst ulike typar økonomi. Til dei siste avsnitta i dette kapitlet har eg i all hovudsak henta moment, og også ein del formuleringar frå dette foredraget.

Hittil i dette kapitlet har vi skrive mye om marknadsverdi, ut frå den forståinga at marknadsøkonomisk verdi er den verdien som ei vare blir omsett for i marknaden. Denne verdien kan da reknast som ein del av BNP i eit land (bruttonasjonalproduktet). Denne marknadsøkonomiske verdien er enkel å rekne om i forbruk, inntekt og arbeidsplassar. I tillegg til denne marknadsøkonomiske verdien finst det også ein «nonmarknadsverdi». Dette er ein reell verdi, men han kan ikkje brukast til å rekne omsetning i marknaden.

Til nonmarknadsverdi kan ein rekne for eksempel opsjonsverdiar, eksistensverdiar (kulturelle verdiar), testamentariske verdiar osv. Ein kan lett tenke seg og forstå at det er mange ting som vil ha verdiar for ein person og eit samfunn, som ikkje er omsettelege i ein marknad. Desse nytteverdiar kan for eksempel bli betalt av staten. Innbyggjarane i Noreg finn seg for eksempel i, og dei fleste meiner til og med at det er riktig, at Nationaltheatret og Det Norske Teatret for ein stor del blir finansiert av staten, sjølv om dei aldri har vore på ei teaterframvisning der.

Mange kreative og kulturelle bransjar er (semi-)offentlege gode med ein betydeleg nonmarknadsverdi og er typisk da også offentleg finansiert. Ein vekst i desse områda kan føre med seg auka samfunnsøkonomisk velferd (om folket etterspør desse ytingane), men ikkje nødvendigvis stigande inntekter som samfunnet «kan leve av». Om vi set dette opp som ein formel, kan han sjå slik ut:

Samfunnsøkonomisk verdi = marknadsverdi + nonmarknadsverdi

Nonmarknadsverdien for ein gjenstand, om han er materiell eller immateriell, kan i mange tilfelle vere langt høgre enn marknadsverdien for samfunnet.

Dans som immateriell kulturarv kan vere eit eksempel på dette, og det fører oss naturleg over på neste hovudkapittel. Her viser vi korleis verdssamfunnet, gjennom UNESCOs konvensjon for vern av immateriell kulturarv, seier klart frå at immateriell kulturarv på mange måtar er uvurderleg. Det er derfor nødvendig at styresmaktene tar ansvar for å betale for nonmarknadsverdien til ein slik gjenstand, slik at samfunnet ikkje blir fattigare.



3 Ein ny aktualitet for folkedansen – UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv

3.1 Bakgrunnen for konvensjonen

Stortinget vedtok einstemmig 15. desember 2006 å underskrive UNESCOs konvensjon for vern av immateriell kulturarv, og konvensjonen vart ratifisert av Noreg 17. januar 2007. Regjeringa reiste forslaget i stortingsproposisjon nr. 73 (2005–2006). Allereie på side 1 står det at målet med konvensjonen var «å skape en bedre balanse» mellom materiell og immateriell kulturarv. I dei få åra som har gått etter at Noreg signerte konvensjonen, kan vi slå fast at her til lands har det ikkje vorte nokon betre balanse. I det vidare vil vi her sjå på kva som står i konvensjonen, deretter vil vi sjå på ABM-utvikling si utgreiing om konvensjonen på norsk, og til slutt vil vi komme med ei tydeleggjering av kva konvensjonen kan bety for folkedansfeltet i Noreg.

På side 2 i stortingsproposisjonen følgjer regjeringa opp gjennom å gi enda fleire grunnar for korfor konvensjonen om immateriell kulturarv vart opplevd som nødvendig:

Blant annet ønsker UNESCO-konvensjonen å sikre immateriell kulturarv hvor opphavsmannen ikke nødvendigvis er kjent. Videre er opphavsrettslig vern tidsbegrenset, mens vern av immateriell kulturarv som faller inn under UNESCO-konvensjonen, av naturlige årsaker ikke skal være tidsbegrenset. Det legges vidare til grunn at konvensjonene som finnes til beskyttelse av den materielle kulturarven, ikke gir tilfredsstillende vern for den immaterielle kulturarven.

Arbeidet med konvensjonen har gått over lang tid, og er altså meint å skulle tilsvare for immateriell kulturarv det UNESCO-konvensjonen om vern av kultur- og naturarv av 1972 har begynt å bety for fysiske kulturminne. Mens dei juridiske vernebestemmingane alt på 70-talet trådde i kraft for fysiske minnemerke, fanst det ikkje noko slikt vern for immateriell kulturarv.

Ved å underskrive konvensjonen om immateriell kulturarv har Noreg tatt på seg ein del plikter både internasjonalt og innanlands. Kva desse pliktene innanlands kan bestå av på folkedansfeltet, skal vi komme tilbake til. Førebels viser vi berre til at det i AMB-utvikling si utgreiing på s. 12 står at dette mellom anna inneber «fokus på kulturbærerne og deres omgivelser i sin helhet».

3.2 Formål og definisjon

Den første artikkelen gir formålet for konvensjonen, som er:

1. å verne den immaterielle kulturarven,
2. å sikre respekt for den immaterielle kulturarven til berørte samfunn, grupper og enkeltpersonar,
3. å øke bevisstheten lokalt, nasjonalt og internasjonalt om betydningen av den immaterielle kulturarven, og sørge for gjensidig anerkjennelse av dette,
4. å sørge for internasjonalt samarbeid og bistand.

ABM-utvikling (s. 15) slår i si tolking av dette fast at:

UNESCO har definert globaliseringen som en underliggende og kontinuerlig trussel mot konvensjonens dekningsområde. Noen av globaliseringens konsekvenser kan være tap av kunnskap om, og anerkjennelse av de enkelte kulturuttrykk. UNESCO ser det som viktig å verne immaterielle kulturuttrykk, nettopp for å unngå kulturell homogenisering. Konvensjonens formål må sees i lys av dette. *Som et juridisk dokument på overnasjonalt nivå*

pålegger konvensjonen det norske samfunnet store forpliktelser i ivaretagelsen av immateriell kulturarv.» (mi utheving)

Definisjonen av immateriell kulturarv står i artikkel to. Her står det at immateriell kulturarv er:

- praksisar, representasjonar, uttrykk, kunnskapar og ferdigheiter,
- så vel som reiskap, gjenstandar, produkt og kulturelle rom som er knytte til desse,
- og som samfunn, grupper og i nokre tilfelle individ reknar som del av den kulturelle arven sin.

Denne immaterielle kulturarven, står det vidare i artikkel to, blir

- overført frå generasjon til generasjon,
- blir stadig gjenskapt av samfunn og grupper i relasjon til miljøet og i samspel med naturen og historia,
- og gir ei kjensle av identitet og kontinuitet.

3.3 Kulturarv versus kulturuttrykk

Her er det mange poeng å ta tak i, og som utgreiinga til ABM-utvikling har drøfta på ein grundig måte.

Her skal vi berre ta tak i uttrykket «frå generasjon til generasjon». På s. 23 står det: «Fra ett perspektiv kan arvebegrepet sees som det sentrale ved hele konvensjonen, hvor arv indikerer en vesentlig tidsdybde, eller en kontinuitet, og slik sett kan brukes som et sorteringsverktøy i avgrensningen av immateriell kulturarv.»

Vidare spør utgreiinga seg sjølv om kor gammalt eit kulturuttrykk må vere før det blir kulturarv, og slår fast at traderingsprosessen er viktigare enn alderen på uttrykket. Slik held utgreiinga fram for å skilje mellom kulturuttrykk og kulturarv (s. 23):

Kanskje blir et kulturuttrykk til kulturarv først når praktiseringen av det er et resultat av en bevisst vilje eller distinksjon innenfor en gruppe over tid? Hvis man forstår det slik, kan de yngre formene av swing og rock'n roll sees som kulturarv, mens dansen charleston, som også fikk sin utfoldelse på norske gulv i mellomkrigstida, bare kan sees som et kulturuttrykk, nettopp fordi den ikke ble selektert og tatt inn som en del av et miljø. I forhold til trading, vil man også kunne forstå generasjon uavhengig av familierelasjoner, eller som noe som må overføres fra eldre til yngre, og med det se generasjon som en betegnelse på en gruppe eller et kulturelt uttrykk som eksisterer i en viss periode.

Folkedansen, som er tatt vare på i organisasjonane, vil etter diskusjonen over heilt klart falle inn under omgrepet kulturarv. Her har alle formene for dans vore praktisert av grupper over tid – og dei har vore del av ein traderingsprosess.

3.4 Folkedans er kulturarv

Så går artikkel to over i ein ny del der ein deler opp den immaterielle kulturarven i ulike eksempel. Desse er:

- a) Muntlige tradisjoner og uttrykk, herunder språk som et uttrykksmiddel for immateriell kultur,
- b) Utøvende kunst,
- c) Sosiale skikker, ritualer og høytidsfester,
- d) Kunnskap og praksis som gjelder naturen og universet,
- e) Tradisjonelt håndverk.

Desse punkta blir nærare drøfta av UNESCO sjølv i UNESCO-*hefte 7: Intangible Cultural Heritage Domains*:7. Her blir det slått fast at *dans* er eitt av hovudpunkta som er meint under punkt b) utøvande kunst. I tillegg til dans blir musikk, teater og pantomime nemnt som kunststartar dette området femner om. Verdt å merke seg er også at den argentinske tangoen var det første som vart skrivne inn i den representative lista for vern. Dette skjedde under «The 4th Meeting of Intergovernmental Committee for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage» i Abu Dhabi i oktober 2009.

3.5 Kva betyr vern?

Den tredje delen av artikkel to i UNESCO-konvensjonen handlar om vern. Der står det at vern blir definert som: «[...] tiltak for å sikre den immaterielle kulturarvens levedyktighet, herunder det å kartlegge, dokumentere, forske, bevare, verne, fremme, styrke, videreføre, særlig gjennom formell og uformell utdanning, samt gjenopplive de ulike sidene ved denne arven.»

ABM-utvikling si utgreiing bruker mange sider på å utgreie kva dette i praksis vil ha å seie for Noreg. Vi vel å sitere ganske lange parti av denne drøftinga, nettopp fordi denne utgreiinga skal sette søkelys på kva tiltak som kan og bør settast i verk for å verne om og styrke folkedansen. Av den grunn treng vi ei grundig forståing av kva for vernearbeid Noreg batt seg til da dei skreiv under på UNESCO-konvensjonen.

På s. 28 og 29 står det:

Hovedforutsetningen for at et kulturuttrykk blir vernet, er at det blir kontinuerlig utført og videreført. I både det teoretiske og praktiske arbeidet med vern av immaterielle kulturuttrykk vil det derfor være konstruktivt å bruke begreper som å *arbeide aktivt med, håndtere, realisere, videreføre, overføre, sikre videre levekår, holde en praksis levende* osv., da alle disse nevnte handlinger går inn under konvensjonens definisjon av vern. Fra et metodisk synspunkt kan begrepet vern forstås som en fellesbetegnelse for handlingene man utfører for å opprettholde og videreføre et kulturuttrykk.

For å verne immaterielle kulturuttrykk, eller sikre dem videre levekår, må de bli stadig utført og tilpasset sine omgivelser. I en dypere forståelse av vernet kan man derfor si at det har tre dimensjoner ved seg. For det første handler det om å holde kulturytringer i live ved å fortsette å holde dem aktive. Fordi immateriell kultur i stor grad er noe man gjør eller uttrykker, er altså *handling* en viktig dimensjon. For det andre krever videreføringen av immaterielle kulturytringer handlende *kulturbærere*, som traderer kunnskapen til en annen person, og på denne måten sikrer at kulturytringene lever videre. For det tredje er vernet en del av en *kontekst*. Nettopp fordi vernet er å holde liv i en kunnskap eller handling, må alt, eller et utvalg av elementer som er knyttet til kunnskapen eller handlingen, sees som del av den immaterielle kulturytringen, og vernes som en integrert del av en kulturell kontekst. Vern av for eksempel en danseform handler om å bidra til videre liv ved å sørge for at det finnes læremestere til å føre kunnskapen videre. I tillegg må det finnes møteplasser og sosiale arenaer som festivaler eller fester, der dansen som kunnskap blir utført i praksis. Det er også viktig at danseformen blir dokumentert.

Ut frå avsnittet over viser ABM-utvikling altså at både

1. handling,
2. den som utfører handlinga og
3. ramma handlinga blir utført i,

er viktig og nødvendig for at immateriell kulturarv skal kunne vernast. Eller sagt på ein annan måte: både 1) å danse, 2) den som dansar og 3) ramma dansen blir utført i, har krav på vern.

Utgreiinga konkluderer her med at det ikkje er nok å sette i gang tiltak for det som kan kallast å ha *kunnskap om* den aktuelle ytringa, i vårt tilfelle dans, ein må også ha *kunnskap i* korleis ytringa skal utførast.

ABM-utvikling skriv vidare at dei som har *kunnskap om*, kan sjåast som forvaltarar av dei ulike uttrykka, mens dei som har *kunnskap i* uttrykka, er dei som driv med vernet (s. 34 og 35). Dei slår fast at begge delar er viktig for å klare å fylle pliktene Noreg har tatt på seg ved å signere UNESCO-konvensjonen.

Kva er så forskjellen på å ha *kunnskap om* og ha *kunnskap i*? Utgreiinga til ABM-utvikling svarer slik på dette spørsmålet (s. 35):

Med *kunnskap i* tenkes praktisk ferdighet. Hovedtanken med *kunnskap i* er at ferdigheten lever gjennom praktisering, og at aktørene er de faktiske bærerne og skaperne av tradisjonene. Et viktig mål er å videreføre fortidig praksis ut fra premisset om at den kan fungere i nåtida. Praksis vil da bety at immateriell kulturarv utføres for sin egen skyld og ikke bare som en presentasjon eller demonstrasjon for ikke-praktiserende, for å gi *kunnskap om*. Denne metodiske tilnæringsmåten samsvarer best med konvensjonens definisjon av vern, og representanter for denne metoden kan på mange måter sees som de primære forvalterne av immateriell kulturarv. I videreføringen av *kunnskap i* er arenaene en vesentlig forutsetning, da det er her samhandlingen og traderingen foregår.

Denne metodiske retningen har utspring i store folkebevegelser på 1800-tallet som skapte organisasjoner, bygget *kunnskap i*, drev opplæring, utviklet og videreførte mye av det man i dag kaller immateriell kulturarv. Fra 1947 og framover ble det etablert statlig finansierte institusjoner med praktisk og vitenskapelig kompetanse innen de enkelte feltene. Norge har i dag noen få sentrale organisasjoner og institusjoner med spesialansvar for å arbeide etter denne tradisjonen.

Dei to store organisasjonane som driv med folkedans som det er tenkt på her, er dei to organisasjonane som står bak denne utgreiinga: Noregs Ungdomslag og FolkOrg. Og det er verdt å merke seg at det ikkje er nok å berre seie at dansen skal vernast, men dansinga av han må også vernast for å oppfylle teksten i konvensjonen. Institusjonane det er sikta til i utdraget over, er Rff, Norsk handverksutvikling og Institutt for bunad og folkedrakt.

Utgreiinga held fram slik på s. 37 og 38:

Den andre metodiske retningen handler om å ivareta *kunnskap om* kulturuttrykk gjennom dokumentasjon, forskning og formidling. Tradisjonen representerer i hovedsak en teoretisk og akademisk tilnærming til kulturuttrykket, hvor det blir dokumentert og beskrevet, og på sett og vis «frosset» for framtidig bevaring. Målet med denne metodiske retningen er i stor grad kunnskapsproduksjon. Fra midten av 1800-tallet er denne tradisjonen sentral i institusjoner som universiteter, arkiv, bibliotek og museer. Helt fra den tiden var både fagfolk og frivillige aktivt samlere og etter hvert forskere på det man i dag kaller immateriell kulturarv. Det meste av det innsamlete materialet ble ivaretatt av universitetene som etter hvert etablerte arkiver og samlinger.

[... Dette] er et eksempel på *kunnskap om*. Ifølge konvensjonens definisjon av vern er dette arbeidet ikke vern nok alene. Historisk materiale er likevel relevant for konvensjonen da *kunnskap om* ofte er en forutsetning for at *kunnskap i* skal kunne føres videre.

Rådet for folkemusikk og folkedans med sitt store arkiv har stor kunnskap om folkedans, og er anerkjent som det leiande kunnskapssentret i Nord-Europa når det gjeld dette feltet. Men Rff har ikkje berre kunnskap om, og FolkOrg og NU ikkje berre kunnskap i. Som ABM-utvikling skriv lenger ned på s. 38: «[...] skillet mellom *kunnskap i* og *om* ikke er endelig. Det viser også at en kontinuerlig utveksling mellom de ulike kunnskapsnivåene er viktig i et helhetlig arbeid med, og vern av, immateriell kulturarv.»

3.6 Kunnskap i og kunnskap om

Da kan det passe å sjå litt meir på dei to ulike måtane å drive arbeid for folkedansen på: Å ha *kunnskap om* og ha *kunnskap i*. Dei kommande fire avsnitta bygger i stor grad på eit tidlegare uttrykt notat av Egil Bakka som vart brukt som bakgrunn for ABM-utvikling i deira arbeid med utgreinga.

Dei som var grunnfjellet i dei store folkerørslene, skapte organisasjonar, bygde kunnskap, dreiv opplæring, utvikla og førte vidare praksis for delar av den immaterielle kulturarven gjennom å praktisere *kunnskap i*.

Sidan Noreg er eit gjennomorganisert land, har den organiserte dansinga skjedd i organisasjonar. No heiter desse organisasjonane Noregs Ungdomslag og FolkOrg. Ingen av dei har fått nemneverdig støtte til dette arbeidet. Ifølge Unesco-konvensjonen ser det ut til at organisasjonane har krav på støtte frå staten til det daglege faglege arbeidet sitt med folkedansen – både det som skjer sentralt, og det som skjer lokalt i danselag og leikarringar. Feltet er – ulikt museumsfeltet – ferdig konsolidert, men er utan pengar til i det heile tatt å gjere eit slikt arbeid.

Som vist i boka *Norden i Dans – Folk – Fag – Forsking* (Bakka og Biskop 2007) har representantar for *kunnskap om* vore kritiske til mye av det som har skjedd i organisasjonane som har forvalta *kunnskap i*. Det har vore bølger av kritikk frå fagfolk som har meint at det folkerørslene gjorde, var forfalskingar av fortida. Dels har ein da tenkt at immateriell kulturarv burde bevarast i sin «opphavlege» funksjon og med si «opphavlege» mening og sjåast som del av ein heilskapleg kontekst.

Dette er prinsippet som kunnskapsproduksjon kan bygge på, fordi ein kan dokumentere eit bestemt punkt i tida og bevare det som arkivert dokumentasjon. Skal ein tenke slik når det gjeld å halde oppe praktisering av kunnskap, endar ein med å lage reservat der, for å sette det på spissen, folk i Jølster skal veve åklede som i 1895, men også kle seg, ete, synge og danse som i 1895. Denne ideen har vore brukt for å lage «levande museum», der ein betaler «utøvarane».

Men vern av immateriell kulturarv må vere basert på at mange på frivillig grunnlag ønskjer å praktisere kjernar av uttrykk og kunnskap. Derfor må slikt vern også bygge på andre prinsipp enn berre kunnskapsproduksjon i eit vitskapsteoretisk lys. Dette har organisasjonane så langt gjort på heilt frivillig basis, men gjerne i dialog med det akademiske miljøet.

I dag er det representantane for vernet av den materielle kulturen som styrer arbeidet også med den immaterielle kulturarven (museum og kulturvernavingar i fylke og dessutan Riksantikvaren). Den reint immaterielle kulturen, som kulturminnevernet stort sett ser bort frå når det gjeld arbeid og støtte, blir i all hovudsak driven av frivillige.

Dei frivillige har få og små organisasjonar, og har ikkje ressursar til å gjere seg gjeldande. Dette fører til at dei i stor grad blir usynlege og ikkje rekna med. Dermed får ein heller ikkje sett i gang arbeidet med vern av immateriell kulturarv på ein måte som monnar.

For vern av dansen har vi tidlegare slått fast at vi treng to ting: Vi treng å halde fast fortidig dans gjennom dokumentasjon og kroppsleg overlevering. Det einaste som nyttar, er vern gjennom bruk, og det er viktig å ha kjeldemateriale (sjå tilrådingsskapitlet), men dette er ikkje vern nok i seg sjølv. Dansane må dansast og brukast, og dei gamle, fastlagde kjeldene må kunne tolkast igjen på nytt og på nytt. Kunnskapen må sitte i kroppen, og ikkje berre vere i arkiv.

Dermed står ein igjen med eit par prinsipp og erfaringar.

1. UNESCO-konvensjonen slår fast at vern først oppstår når ein får livsvarig kunnskap i aktiv bruk (du lærer ikkje å sykle berre av å lese beskrivingar av korleis det er å sykle). Dette betyr at arkivmateriale er viktig, men det må heile tida haldast opp mot kroppslege erfaringar. Dette betyr også at dei som har desse erfaringane, er dei som først og fremst kan gå inn og tolke dei gamle kjeldene som finst. Utan kroppsleg erfaring er det vanskeleg å relatere seg til andre kjelder.
2. Det er også slik at ein kan gi gode opplevingar til folk på kort tid med dansar, og la dei danse med. Dette kan vere til uvurderleg hjelp for folk med tanke på å få gode opplevingar og kroppslege aha-forståingar, men det kan ikkje verne dansen. Utstillingar og demonstrasjonar kan inspirere og rekruttere – og kan vere heilt nødvendige for å skape gode rekrutteringssituasjonar, men vi har no vist at **dans som immateriell kulturarv treng djup læring**. Det vil seie at for å klare å komme inn i eit dansekonsept og ta vare på det, må det lengre tids kroppsleg læring til. Først når rørsler er automatisert, kan ein sleppe seg fri, improvisere, føre vidare og i gitte tilfelle vidareutvikle ein tradisjon. Først da er den immaterielle kulturarven verna.

Kva er så utfordringane når det gjeld å ta vare på dans som immateriell kulturarv? Her skal vi kort nemne fire:

1. All immateriell kulturarv er kunnskap som inkluderer kroppsleg dugleik og handlingsboren kunnskap. Utfordringa er å gi vidare den djupe kunnskapen, som det tek mange år å lære. Svært mye av immateriell kulturarv kan realiserast så lenge eitt individ har kunnskapen, men tradisjonsdansen blir meningslaus om berre ein person kan han. Skal han leve som samværsdans, må fleire kunne danse i lag. Vi har altså ei utfordring her: I dans må læring skje mellom mange, og ikkje berre mellom enkeltindivid.
2. God dans krev god dansemusikk. Dette er ei ekstra utfordring. Slik folkemusikken har utvikla seg dei siste tiåra, har det vorte meir vektlegging av «lyttemusikk», og dette har ført til at folkemusikken på mange måtar har klart steget ut i det store offentlege rommet som ikkje folkedansen har klart. På den andre sida har mange spelemenn samtidig mista noko av kontakten med «det gode dansespelet». Dette betyr at også det gode dansespelet må styrkast for å verne dansen.
3. Ein tredje vanske som dansen har, er at kunnskapen og dei realiserte danseformene er svært ulike i rytme og delvis ideal frå stad til stad. Dette betyr at uttrykka må vernast lokalt i tillegg til nasjonalt.

4. Den som vidareformidlar kulturarven, må vere i stand til å skape ei oppleving på ein heilt annan måte enn før for å kommunisere godt med menneske av i dag.

Dette fører igjen til at det å verne dans som immateriell kulturarv er eit langvarig, krevjande og dermed dyrt arbeid.

Vi lever i ei tid da frivilligheit får nye uttrykk og former – det er, som vi har fastslått i kapitlet om megatrender, krevjande å få unge personar til å engasjere seg over lengre tid – og forplikte seg til langvarig frivillig kulturarbeid.

Så er det også slik at om dansen blir lært når ein er ung, så treng ein ei viss tid til å la han sette seg i kroppen som djup læring. Ofte ser ein at dei beste dansarane i vår sjanger er noko opp i åra. Dette er også med og understrekar at det er viktig med generasjonsmiljø for overlevering av denne type kunnskap.

Folke dansen må framstå som attraktiv for norske ungdommar av i dag. Dette er heilt essensielt for vernet av dans som immateriell kulturarv, og dette er eit ansvar for dei frivillige organisasjonane som forvaltarar og vernarar av denne kulturen.

Unesco-konvensjonen slår fast at immateriell kulturarv skal takast vare på. Dans som immateriell kulturarv treng det same som annan kultur: levande grasrot og uformelle møteplassar. Desse kan gjerne vere i frivillig regi. For å få dette til er det maktpåliggande at dei frivillige organisasjonane får anerkjenning for det viktige kulturvernarbeidet dei gjer. Det kan dei få ved å få styrkt økonomien for å halde levande frivillige miljø oppe på regulær basis. Vi kjem tilbake med eit forslag til korleis dette kan gjerast, under punktet forslag til tiltak.

3.7 Korleis velje det som er verneverdig?

Om det er slik at det er utøvarane sjølve – i vårt tilfelle dei som har kunnskap i dans – som ifølgje konvensjonen skal vere med på å velje ut kva som er verneverdig, reiser spørsmålet seg om kva dansepraksisar som er verneverdige, og korleis ein skal og kan velje ut desse. UNESCO-konvensjonen set opp reglar for dette i artikkel 12: Her blir det slått fast at kvart enkelt land skal lage representative lister «[...]over den immaterielle kulturarven som finnes på dens territorium». Det står vidare at denne lista skal oppdaterast med jamne mellomrom. Artikkel 16 og 17 slår deretter fast at denne nasjonale lista skal kunne gå inn i to ulike internasjonale lister. Den eine er «Den representative lista», og den andre heiter «Liste over immateriell kulturarv med umiddelbart behov for vern». Artikkel 15 slår fast at registreringar på listene skal skje i samarbeid med kvart enkelt aktuelt lokalsamfunn.


Artikkel 3–10 er av meir administrativ art, mens artikkel 11 slår fast at den som underteiknar konvensjonen (for eksempel staten Noreg), har *ansvar for å verne* den relevante immaterielle kulturarven. Den ordrette teksten av del a) i artikkel 11 er: «Hver konsesjonspart skal treffe de nødvendige tiltak for å sikre vern av den immaterielle kulturarven som finnes på dens territorium.»

Den internasjonale komiteen kan også ta imot og behandle saker som blir reist direkte til dei, om eit land eller ein stat *ikkje* anerkjenner ein viss aktivitet som immateriell kulturarv, men eit lokalsamfunn meiner at det er det. Uansett er det fritt opp til alle lokalsamfunn i verda å melde om aktivitetar som dei meiner er verneverdig kulturarv, inn til slike lister. For så vidt kan det av og til tenkast at også enkeltpersonar melder om aktivitetar, står det i artikkel 15 i konvensjonen. Det skal opprettast organ i kvart land som kan ta imot forslag og innstille til statlege myndigheiter kva som skal vernast, og så skal staten foreslå for UNESCO.

Rff har alt oppretta eit område på Internett der personar eller enkeltsamfunn kan melde inn slike aktivitetar i Noreg (www.kulturarvporten.no).

Artikkel 18 seier at UNESCO skal godkjenne oppføringar på listene, og kontrollere at dei fyller krava som er sett for å komme på listene. Ein får ikkje verna det som ikkje kjem på listene. Listene kjem altså før det kan bli snakk om å verne noko. Dette er ikkje fordi listene er viktigare enn det å praktisk verne den immaterielle kulturarven, men fordi listene viser kva som skal og kan vernast.

Systemet kan illustrerast på denne måten:



Kjelde: Bakka, Egil: Upublisert foredrag: Innleiing om UNESCO-konvensjonen

To norske institusjonar har vore aktive i arbeidet med immateriell kulturarv og er akkreditert som NGO hos UNESCO. Det er Senter for folkemusikk og folkedans, Trondheim og Senter for immateriell kulturarv på Lillehammer. Rff har alt lister oppe for musikk og dans, men no har dei to institusjonane

vorte samde om å lage lister som kan dekke heile feltet. Eit vesentleg poeng er at forslaga til listene i stor grad kjem frå lokalt hald. Tanken er så at desse listene skal tene fleire formål. Dei skal gjere folk på kultursektoren, ikkje minst lokalt, merksame på kva som finst av kulturarv lokalt og regionalt, og gjere kulturarven meir synleg også nasjonalt. Dei skal oppfylle krava Noreg har tatt på seg ved ratifiseringa av konvensjonen og gi Noreg høve til å foreslå kulturarv til listene.

Uansett er det slik at immateriell kulturarv som kjem på slike lister, har krav på vern. Korleis dette kan (og delvis skal) gjerast, er fastslått i artiklane 13 og 14. Artikkel 13 går på politiske vedtak, og artikkel 14 legg meir vekt på det praktiske arbeidet.

3.8 Konklusjon

Etter ein grundig gjennomgang av UNESCO-konvensjonen har vi sett at fire grunnleggande prinsipp i UNESCOs konvensjon for vern for immateriell kulturarv har vore:

1. Å utjamne den store skilnaden mellom vern av materiell og immateriell kulturarv.
2. Det er ikkje nok å dokumentere immateriell kulturarv, hovudsaka er å sikre at han lever vidare.
3. Det er ikkje sett krav til autentisitet, alder, verdi osv. Kravet er ei lokal forståing.
4. Både dansen, den og dei som dansar, og ramma rundt treng vern.

Som vi har sett, har UNESCO sagt at **vern er: Tiltak for å sikre livskraft**. Dette omfattar:

- Identifisering, dokumentasjon og forskning
 - ✓ Dette betyr listeføring, styrking av arkiv og forskingsressursar.
- Bevaring, vern og fremming
 - ✓ Dette betyr nok ressursar til å formidle forskning, og å gi støtte til å la dei lokale laga og miljøa få leve.
- Forbetring og formidling
 - ✓ Dette betyr at for at tradisjonen skal utvikle seg, må han heile tida brukast kunstnarisk, og tevla med andre kulturuttrykk i samtida. Her ligg også mulegheiter kommersielt, noko som vi også var innom i kapittel to.

Som artiklane viser, kviler det eit stort ansvar på styresmaktene når dei har skrive under på UNESCO-konvensjonen. I neste kapittel vil vi foreslå ein del tiltak som vi meiner vil komme inn under konvensjonen, og som vi meiner norske styresmakter og organisasjonar må gjennomføre .



Litteratur- og kjeldeliste

ABM-Utvikling 2010: *Immateriell kulturarv i Norge. En utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven*. Oslo, 1. desember 2010

Aksdal, Bjørn 2008: Folkemusikk og folkedans i kulturskolen. En undersøkelse av dagens situasjon. Rådet for folkemusikk og folkedans, Trondheim

Arnestad, Georg 2001: «Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert oppløyst og omskapt ...» *Om folkemusikk og folkedans i det seinmoderne Noreg*. Norsk kulturråd. Rapportserien nr. 23, Oslo

Bakka, Egil 1978: *Norske dansetradisjonar*. Oslo /Gjøvik

Bakka, Egil 2007: V.B.e. Norge: Folkedansspesialistane – Noreg. I Egil Bakka og Gunnel Biskop (red.): *Norden i Dans – Folk – Fag – Forsking*. Novus, Oslo s. 497–533

Bakka Egil, 2009a: Konvensjonen Folkedans og folkemusikk som immateriell kulturarv (IKA). Foredrag desember 2009 til konferansen om immateriell kulturarv på Lillehammer, arrangert av Norsk handverksutvikling NHU, Maihaugen. Upublisert foredrag

Bakka, Egil 2009b: Rff som redskap for arbeidet med vern av den immaterielle kulturarven. Kunnande og vitande. Foredrag ved seminar under representantskapsmøtet til Rff 2009, Trondheim. Upublisert foredrag

Bakken, Vebjørn (red.) 2011: *Symra 50 år 1960–2010*. Eige forlag, Oslo 2011

Berkaak, Odd Are 2010: *UNESCOs konvensjon om vern av Den immaterielle kulturarven – en analyse*. På oppdrag frå Den norske UNESCO-kommisjonen 2010

Bille, Trine 2010: Oplevelsesøkonomi – hvilke områder har det største vekstpotentiale? Foredrag for Cultiva 8. november 2010, Kristiansand: www.cultiva.no/Vekstpotensialet (lasta ned 12.00 13.9.2011)

Biskop, Gunnel 1990: *Folkedans innom folkedansrørelsen – folkelig dans?* Finlands Svenska Folkdansring rf, i samarbeite med Föreningen Brage och Folkloristiska institutionen vid Åbo akademi, Helsingfors.

Breiholt, Margunn 2011: *Pedagogikk på dansegolvet – tradisjon, mål og visjoner i den nye folkedans-opplæringen*. Rapport til Folkekulturforbundet, 28.03.2011

Familie- og kulturkomiteen på Stortinget 2006: «Innstilling fra familie- og kulturkomiteen om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Innst. S. nr. 29 (2006–2007) 09.11.2006». <http://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2006-2007/inns-200607-029/> (lasta ned 28.12.2012)

Flagstad, Arvid 2006: «Oplevelsesøkonomien på vei». I *Magma* nr. 3/2006: <http://www.econa.no/?nid=184489> (lasta ned 13.00 3.9.2011)

Hansegård, Hallgrim, Thomar Prestø, Martin Myhr, Gro Marie Svidal, Sigurd Johan Heide, Siri Møland, Egil Bakka 2011: «Utarbeidelse av strategi for dansekunst», brev til Kulturdepartementet 30.3.2011

Hovedstadens Udviklingsråd (HUR) 2005: *Oplevelsesøkonomi i Hovedstadsregionen*. København

Kirkvoll, Gullik 1963: Valdres-springar. *Tidsskrift for Valdres historielag* 9, 1, s. 38–58

- Kløvstad, Jan 1995: *Ungdomslaget. Noregs Ungdomslag 1896–1996*. Noregs Ungdomslag, Det Norske Samlaget, Oslo
- Kruger, Alan. The economics of real superstars: the market for rock concerts in the material world. *JOLE* 23 (January 2005) 1–30
- Larsen, Geir Egil 1984: *Trønderviser*. Geir Egil Larsen [Verdal]
- Naisbit, John, and Patricia Aburdene 2000: *Megatrends 2000: Ten New Directions for the 1990's*. William and Morrow
- Nordlek, 2010: *Folke dans i skolen. En nordisk folkekulturrkongress. En kongress for politikere og byråkrater i undervisningssektoren, lærere, folke dansinstruktører og andre interesserte*. DGI-byen, København, 26.–27. november 2010. Rapport
- Okstad, Kari Margrete 2007a: Folke dans i sceniske oppsetjingar etter 1950 i Norge. I: Egil Bakka og Gunnel Biskop (red.): *Norden i Dans – Folk – Fag – Forsking*. Novus, Oslo s. 272–279
- Okstad, Kari Margrete 2007b: V.C. Ny inspirasjon i Norge. I: Egil Bakka og Gunnel Biskop (red.): *Norden i Dans – Folk – Fag – Forsking*. Novus, Oslo s. 561–571
- Pine II, B.J., & J.H. Gilmore 1999: *The experience economy. Work is theatre and every business a stage*. Cambridge (Mass.) (Harvard business School)
- Poppe, Cornelius 2009: Elexia tjener fett, E24: <http://e24.no/naeringsliv/elixia-tjener-fett/3101204>
Publisert 2.6.2009 (lasta ned 2.7.2011)
- Ranheim, Ingar 1994: Folke dans, disiplinering og nasjonsbygging. I: Frode Nyvold (red.): *Norsk Folkemusikklags skrifter* nr. 8, 1994. Rauland: Norsk Folkemusikklag
- Semb, Klara 1925: Springar. *For Bygd og By. Leikarvollen* 15, s. 251–252
- Statistisk sentralbyrå sine automatiske tenester for oppsett av statistikk: Om utdanningsrevolusjonen:*
http://statbank.ssb.no/statistikbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=utniv (lasta ned 2.7.2011)
- http://statbank.ssb.no/statistikbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=utniv (lasta ned 2.7.2011)
- Om urbanisering: <http://www.ssb.no/histstat/tabeller/3-1.html> Lasta ned 3.7.2011 og <http://www.ssb.no/befsett/> (lasta ned 21.3.2012)
- Stortingsmelding nr. 22 (2004–05): *Kultur og næring*
- Stortingsmelding nr. 21 (2007–2008): *Samspill*
- Stortingsproposisjon nr. 73 (2005–2006): «Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Tilråding fra Utenriksdepartementet av 2. juni 2006 og godkjent i Statsråd samme dag». (Stoltenberg II)

Sver, 2010: Video på YouTube:

http://www.youtube.com/watch?v=43I9VIMcmjk&feature=player_embedded#at=53 (lasta ned 5.7.2011)

UNESCO 2003: «Convention for the Safeguarding of the Intangible Cultural Heritage, Paris, 17. oktober 2003». Omsett av Det norske utanriksdepartementet til: «Konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven, Paris, 17. oktober 2003»

UNESCO□hefte 7/2003: *Intangible Cultural Heritage Domains: 7*

Wadel, Cato 2001: *Feltarbeid i egen kultur*. Oslo

Østlandsforskning 2004: *Kartlegging av kulturnæringene i Norge* (Rapport 10:2004).

Arbeidsprogram for

- Landslaget for Spelemenn 2000–2008
- Noregs Ungdomslag 2000–2010
- Norsk Folkemusikk og Danselag 2000–2008
- FolkOrg 2008–2010

Årsmeldingar for

- FolkOrg 2009 og 2010
- Landslaget for Spelemenn 2000–2008
- Noregs Ungdomslag 2000–2010
- Norsk Folkemusikk- og Danselag 2000–2008
- Rådet for folkemusikk og folkedans 2000–2010

Dansearven - utgreiing om folkedans i Noreg på
2000-talet.

Utgreiinga er utarbeidd av Johan Einar Bjerkem på
oppdrag frå Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff),
Noregs Ungdomslag (NU) og FolkOrg.